

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 26.09.2013
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 18.09.2013

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 108/13	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 109/13	Protokoll frå førre møte.
PS 110/13	Delegasjonssaker
PS 111/13	Referatsaker
PS 112/13	Kjøp av grunn frå gnr 26 bnr 25 på Leine.
PS 113/13	Gnr. 60 bnr. 262 - skade på eigedom
PS 114/13	Innfartsveg Fosnavåg. Grunnavtale mellom Herøy kommune og eigar av gnr 37, bnr 50.
PS 115/13	Bustadar for unge funksjonshemma brukarar - prosjektrammer.
PS 116/13	Grunnkjøp. Campus Fosnavåg.
PS 117/13	Omgjering av lærlingstilling til fast stilling
PS 118/13	Felles nattlegevakt i Volda - vertskommunesamarbeid
PS 119/13	Val av skule, retningslinjer
PS 120/13	Endring av vedtekter for SFO
PS 121/13	Handlingsplan for næringsretta utviklingstiltak 2014. Kompensasjon for arbeidsgjevaravgift.
PS 122/13	Permisjon frå politiske verv.
PS 123/13	Sjølvskuldnarkausjon Sunnmørsbadet AS Delegasjonssaker frå avdelingane
DS 278/13	Odd Erling Løvøy 59/5- Ferdigattest vedlager
DS 279/13	Gnr 11 Bnr 3 - frådeling av 4 parsellar
DS 280/13	Even Remøy - 11/127 - tilbygg naust
DS 281/13	Gnr 48 Bnr 3 - Frådeling av bebygd eigedom
DS 282/13	Gnr 40 bnr 3- Frådeling av bustadtomt
DS 283/13	Harald Thorseth - 36/1 - Fasadeendring
DS 284/13	Mellombels bruksløyve - 34/210
DS 285/13	Nils Gunnar Valde - 45/161 - 2-mannsbustad med frittliggande garasje
DS 286/13	mellombels bruksløyve - 4/295

DS 287/13	Gnr 28 Bnr 11 - Frådeling av bebygd eideom
DS 288/13	Mellombels bruksløyve -29/151 - 1 etg Bergsøy klubbhus
DS 289/13	ferdigattest 81/35
DS 290/13	Søknad om endra opningstider / serveringsløyve
DS 291/13	Søknad om endra skjenketider
DS 292/13	Frode Sævik 34/180 - Løyve til oppføring av tilbygg
DS 293/13	Ove Kolgrov 30/59 - Løyve til oppføring av garasje tiltak garasje Referatsaker
RS 32/13	SSR - Signert møteprotokoll frå møtet i representantskapet 25/4-2013

PS 108/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 109/13 Protokoll frå førre møte.

PS 110/13 Delegasjonssaker

PS 111/13 Referatsaker



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/1045
		Arkiv:	611

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
155/13	Formannskapet	17.09.2013
112/13	Kommunestyret	26.09.2013

KJØP AV GRUNN FRÅ GNR 26 BNR 25 PÅ LEINE.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.09.2013

Framlegget til kjøpekontrakt for parsell av gnr 25, bnr 26, vist som parsell 1 på kartvedlegg, mellom eigarane av gnr 25, bnr 26 og Herøy kommune vert godkjend.

Kjøpesummen vert dekt av ubunde kapitalfond.

Tilråding:

Framlegget til kjøpekontrakt for parsell av gnr 25, bnr 26, vist som parsell 1 på kartvedlegg, mellom eigarane av gnr 25, bnr 26 og Herøy kommune vert godkjend.

Kjøpesummen vert dekt av ubunde kapitalfond.

Særutskrift:

- Stig Leine, G. M. Brydes vei 5A, 1390 Vollen
- Utviklingsavdelinga
- Egedomsavdelinga
- Assisterande rådmann

Vedlegg:

- Utkast til avtale
- Kartvedlegg

Saksopplysningar:

Det har vore forhandla med eigaren av gnr 26, bnr 25 om kjøp av eit areal på Leine som er regulert til bustad, leikeplass og veg for å legge til rette for bustadbygging i området. Arealet er på vel 1700 m2.

Kommunen engasjerte takstmann Ottar M. Skare v/Per Mulvik AS som i april 2013 har gjennomført takst på eigedomen. Tomteverdien er taksert til kr 80 pr m2 avrunda til 140.000 kr. Grunneigaren hadde på side engasjert ein takstmann som hadde sett ein høgare verdi på eigedomen. Etter fleire forhandlingsrunder har ein kome fram til eit avtaleutkast for kjøp av parsellen på vel 1700 m2 der kjøpesummen er avtalt til 170.000 kr. Parsellen er avmerka som parsell 1 på kartvedlegget.

Vurdering og konklusjon:

Den framforhandla kjøpesummen for arealet er noko høgare enn taksten kommunen har innhenta. Avstanden er likevel ikkje større enn at eg vil rå til at avtalen/kjøpekontra vert godkjend.

Kjøpet vert dekt av ubunde kapitalfond.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 30.08.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Kjøpekontrakt for tomt

Mellom:

Tone Beate Brekka
Stig Leine
Ingunn Steinde
Nora Leine Lohne

Stig Leine har fullmakt til å forestå salget.

Heretter kalt selger, og

Herøy kommune

Heretter kalt kjøper, er i dag inngått følgende kjøpekontrakt:

Salgsobjekt:

Selger overdrar herved til kjøper tomt med Gnr. 26, Bnr. 25. Teig over veien på 1708 kvm. Heretter kalt tomta for en kjøpesum stor:

Kr. 170.000,- kroneretthundereogsyttitusen 00/100, heretter kalt kjøpesummen.

Eiendommen vil få eget gårds- og bruksnummer når den er fradelt.

Omkostninger

I tillegg til kjøpesummen betaler kjøper eventuell kostnadene med fradeling av tomta fra gnr. 26, bnr. 25 og tinglysning av tomta på kjøper.

Oppgjør:

Kjøper betaler til selger kjøpesummen når tomta er fradelt og overført til selger. Betalingen skjer innen en mnd etter at kjøper har overtatt eiendomsretten til tomta. Innbetalingen skjer til selgers konto nr. 2708.10.22696.

Heftelser:

Kjøper har selv foretatt utskrifter av grunnbøkene for tomta. Tomta overdras fri for pengeheftelser.

Tomtas tilstand:

Tomta selges som den er.

Sted/dato: Herøy

Sted/dato: Asker

Kjøper:

Selger:


Herøy Kommune

Stig Leine



Leinevika

HERØY KOMMUNE
21.03.2012 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet



HERØY KOMMUNE

14.01.2013 1:1000

Det kan forekomme feil i kartet





Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2013/471
		Arkiv:	Q14

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
156/13	Formannskapet	17.09.2013
113/13	Kommunestyret	26.09.2013

GNR. 60 BNR. 262 - SKADE PÅ EIGEDOM

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.09.2013

1. Herøy kommunestyre vedtek, utan å ta stilling til skuldspørsmålet, å gi eigar av gnr. 60 bnr. 262 ei erstatning på 526.250 kroner.
2. Eit vilkår før utbetaling av erstatninga er at eigar av gnr. 60 bnr. 262 skriftleg erklærer at tvisten vedkomande skaden på eigedomen med dette er opp og avgjort.
3. Løyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond

Tilråding:

4. Herøy kommunestyre vedtek, utan å ta stilling til skuldspørsmålet, å gi eigar av gnr. 60 bnr. 262 ei erstatning på 526.250 kroner.
5. Eit vilkår før utbetaling av erstatninga er at eigar av gnr. 60 bnr. 262 skriftleg erklærer at tvisten vedkomande skaden på eigedomen med dette er opp og avgjort.

6. Løyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Særutskrift:

- Advokat Bjørn Kristian Hove, Postboks 815, 6001 Ålesund
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg

1. Oversiktskart datert 9.8.2013
2. Avtale mellom Herøy kommune og eigar av gnr. 60 bnr. 262 av 7.8.2006 vedkomande bygging av mur langs kommuneveg for å hindre vassinnsig
3. Kopi av takst av 21.12.2012

Bakgrunn

Saka gjeld ei tvistesak mellom Herøy kommune og eigar av gnr. 60 bnr. 262 som nær sagt kontinuerleg har pågått sidan 1985. Denne saka er eit forsøk på å få avslutta tvisten gjennom eit reint økonomisk oppgjær til eigar.

Sidan tvisten har vore så langvarig er det for dagens administrasjon vanskeleg å setje seg inn i og finne ut av alle realitetar i saka. Ein har såleis i saksutgreiinga etter beste evne prøvd å oppsummere og gjere greie for det ein har funne av relevant dokumentasjon i forhold til dagens situasjon.

Saksopplysningar/vurderingar

Det har sidan 1985 nær sagt kontinuerleg vore ein tvist mellom Herøy kommune og eigaren av gnr. 60 bnr. 262. Tvisten synest å ha vorte utløyst av at det ved handsaming av byggjesøknaden i 1985 vart gjort ein sakshandsamingsfeil vedk. kloakkløysing. Feilen gikk på at det frå kommunen si side ikkje vart stilt krav til slamavskiljar for bustadhuset før avløpet vart tilknytt kommunal avlaupsleidning. Etter kvart løyste denne tvisten seg. Eigar av eignedomen etablerte slamavskiljar og kommunen dekte noko av kostnaden. Eigar opparbeidde så resten av utearealet med hage og plen.

I etterkant av dette starta kommunen opprusting av grøfta og vegen som går forbi eignedomen. I følgje eigar av gnr. 60 bnr. 262 vart alle gamle holveiter i vegen og rundt omkring øydelagde i samband med desse arbeida og hevdar dette førte til store vassproblem og skade på hennar eigedom. Kommunen gjorde nokre forsøk på utbetring av vegen og grøfta utan at det var noko særleg hjelp i. Rundt 1998 vart det opparbeidd eit mindre bustadfelt på oppsida av eignedomen. Dette førte i følgje eigar til at vassføringa inn på eignedomen gjennom grunnen etter kvart vart borte. Eigar meiner imidlertid at eignedomen enno er utsett for overflatevatn frå vegen og elva ved store nedbørsmengder.

Eigar har i tillegg til ovanstående vore i tvist med kommunen om kloakkgebyr, målebrev/eigedomsforhold, påstandar om ulik handsaming av kloakkabonnentar m.m. Nær sagt alle rådmenn og ordførarar i tillegg til fleire i administrasjonen m.a. i økonomiavdelinga og teknisk har vore inne i dei ulike sakene og prøvd å få til løysingar. I kommunen sitt arkiv er der eit utal dokument frå brevvekslinga mellom partane. Med bakgrunn i forhistoria der eigar meiner å ikkje ha vorte teken på alvor har ikkje grunnlaget for forhandlingar vore særleg gode.

I 2004 sette ein etter nye klager frå eigar av gnr. 60 bnr. 262 i gong eit arbeid med sikte på å få ein ende på saka vedkomande det øydelagde uteområdet som tvisten i hovudsak dreiar seg om no. Etter ein lengre korrespondanse, møte og synfaringar med mange involverte vart partane omsider einige om ein avtale som begge partar underteikna den 07.08.2006. Sjå vedlegg. Pris frå entreprenør til kommunen var 145.000 kroner. Ein trudde med dette at ein skulle få ein slutt på saka. Når entreprenør starta på arbeidet vart han imidlertid stoppa av eigar ganske umiddelbart. Eigar var då ikkje nøgd med arbeidet som vart gjort og meinte det vart

gjort meir skade på eigedomen. Partane prøvde å diskutere saka, men lukkast ikkje å kome til semje og arbeida vart avslutta.

Sidan har det vore nye rundar med diskusjonar, synfaringar, forslag til løysingar frå konsulentar og advokat utan at ein har fått noko løysing på saka. Forslag som har vorte lagde fram har etter kommunen sine vurderingar hatt ein langt høgare standard og kostnad enn det ein var samd om i avtalen som var gjort i 2006. Frå administrasjonen si side er ein også av den formeining at ein ikkje ser føre seg at kommunen kan tilfredsstillе eigars krav til utføring. Ein har såleis over tid argumentert for at det vert teke ein takst med utgangspunkt i avtalen mellom eigar og kommunen av 7.8.2006. Formålet med taksten skulle då vere at ein fikk ein oppdatert sum på kva arbeida ville koste og som kunne danne grunnlag for eit reint økonomisk oppgjær. Eigar var imidlertid over tid bestemt på at kommunen fysisk skulle stå for gjennomføringa av arbeida.

I november 2012 kom ein imidlertid til semje om at det skulle gjennomførast ein takst. Takst vart gjennomført og oversendt eigars advokat og kommunen den 21.12.2012. Sjå vedlegg. Som det framgår er samla takst 526.250 kroner.

At det oppstår tvistar mellom kommunen og enkelte innbyggjarar i kommunen er vanskeleg å unngå. Dei fleste tvistane let seg normalt løyse på minneleg vis og innan rimeleg tid. Som det framgår av saksutgreiinga ovanfor er det i dette tilfellet snakk om ein tvist som har gått føre seg nær sagt samanhengande i snart 30 år. Eigedomen ligg i rimeleg bratt terreng. Ved store nedbørmengder vil det vere nær sagt umogleg å unngå at overvatn og vatn i grunnen renn inn på eigedomen både frå ovanforliggande areal og frå kommunevegen som går forbi eigedomen. Normalt vil ikkje nokon kunne lastast for vatn som renn i grunnen og oppå terrenget så lenge det ikkje vert leda inn på ein eigedom via open grøft eller rør. I denne saka har imidlertid kommunen i si tid (truleg rundt 1990) gjort arbeid/endra på veggen og iflg. eigar av eigedomen øydelagt gamle veiter. Dette skal så ha ført til overvatn fløynde inn på eigedomen. Det har ikkje lukkast å finne nokon klar dokumentasjon/bevis for at det er kommunen sine arbeid som i si tid var den direkte årsaka til skadane. Det kan imidlertid vere ein samanheng.

Med bakgrunn i saksutgreiinga, tidlegare korrespondanse, samtalar og forhandlingar mellom partane, sannsynet for at kommunen sine arbeid rundt 1990 kan ha medverka til skaden, ser rådmannen eit reint økonomisk oppgjær/erstatning som einaste løysing for å få saka opp og avgjort. Sidan ein ikkje kan sjå at det er dokumentert at det er kommunen sine arbeid i området som har ført til skaden synest imidlertid ikkje rådmannen at kommunen skal ta på seg skuld. Eit vilkår før utbetaling av erstatninga må vere at eigar av gnr. 60 bnr. 262 erklærer at tvisten vedkomande skaden på eigedomen med dette er opp og avgjort.

Rådmannen vil etter ei samla vurdering tilrå følgjande vedtak:

1. Herøy kommunestyre vedtek, utan å ta stilling til skuldspørsmålet, å gi eigar av gnr. 60 bnr. 262 ei erstatning på 526.250 kroner.
2. Eit vilkår før utbetaling av erstatninga er at eigar av gnr. 60 bnr. 262 skriftleg erklærer at tvisten vedkomande skaden på eigedomen med dette er opp og avgjort.

3. Løyvinga vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 09.08.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



Adv. Bjørn Kristian Hove
Postboks 815
6001 ÅLESUND

21.12.2012

SKADERAPPORT - NATURSTEINSMUR
SKADESTED: - GBNR. 60/262 I HERØY

Skadelidte : **Aud Karin Torleivsdotter Pettersen**
Gbnr. 60/262, Moltustranda
Rekvirert av : Adv. Hove, 19.10.2012
Besiktiget : 21.11.2012
Tilstede ved besiktigelse : Skadelidte, Jon Rune Våge, Bjørn Kr. Hove
og undertegnede takstmann

SKADEN GJELDER

Bolig-eiendom beliggende inntil kommunal veg/Gamlevegen. Grunneier Pettersen er å betrakte som skadelidt fordi det overvann kommer fra kommunal veg og inn på eiendommen. Det er derfor tidligere inngått en avtale pr. 07.08.2006 mellom partene om at det skal etableres en natursteinsmur i grense mellom Gamlevegen og hennes eiendom, se vedlegg.

Undertegnede mandat i saken er som følger:

- Utarbeidelse av rapport med kalkyle for bygging av natursteinsmur iht. avtale pr. 7.8.2006
- Muren bygges fagmessig, inkl. drenering i bakkant med avløp til veggrøft
- Kostnaden med oppføring av muren skal inkludere alle kostnader iht. en komplett prosjekt-kalkyle, dvs. inkl. tilstrekkelig prosjektering-grunnlag, søknad for kommunal godkjenning av tiltaket, utarbeidelse av tilbuds-grunnlag og innhenting av pris fra entreprenør, utførelse av byggearbeidet og tilhørende byggeledelse/kontroll fra tiltakshavers side.

Rapporten skal danne grunnlag for utbetaling av økonomisk erstatning til grunneier/tiltakshaver slik at hun kan engasjere fagfolk til utførelse av tiltaket.

TEKNISK LØSNING

Vegbanen ligger jevnt over endel høyere enn hagen til grunneier, med ca. 1.4 m høydeforskjell på det meste. Natursteinsmuren forutsettes bygd med et stabilt fundament under bakken og med gjennomsnittlig ca. 0.5 m høyde over vegbane, anlagt i inntil 55 lengde fra øvre hjørne av tomten mot sør. Inkludert fundament under bakken gir dette et areal av muren i vertikalplanet på ca. 100 m². Det må brukes muringsstein som er egnet for formålet, der muringen utføres av kvalifisert maskin-entreprenør. I bakkant av muren langs vegkant legges drenerende masse med drensør i bunnen som avsluttes med stikkrenne i ca. 13 m lengde over vegbane til grøft på motsatt side. Fagmessig utførelse er beskrevet i bl.a. Sintef/Byggforskseriens blad 517.342 (Byggdetaljer, januar 2011).



Utbedringsarbeidet forutsettes utført i hovedsak med maskinarbeid fra vegbanen for å skåne hageanlegget/plenarealet fra skade under arbeidet. Nåværende påbegynte rausfylling av stein er ikke fagmessig og må fjernes for å grave ut og etablere stabilt fundament for muren. På hagesiden av muren forutsettes det at plenarealet langs muren ordnes til og tilsås etter fullført arbeid. Avkjørselsarealet fra den kommunale vegen pålegges et nytt gruslag, og beplantning i hagen som skades erstattes med ny tilsvarende beplantning. I tillegg forutsettes det iht. avtalen at det utbetales et beløp på kr. 10.000,- inkl. mva. som grunneier selv kan disponere til tilstelling av hagen.

I et parti langs muren er det synlig fjell i dagen, evt. er dette en stor stein. Denne kan enten bevares eller sprenges forsiktig bort for at muren skal kunne bygges på tilstrekkelig måte. Dette må entreprenøren avgjøre i samråd med grunneier, men entreprenøren forutsettes å avgjøre dette utfra sitt faglige syn. De stedlige grunnforhold forutsettes normalt gode med faste og ikke telefarlige underliggende masser. Muren blir å betrakte som en støttemur.


KALKYLE FOR UTFØRELSE AV ARBEIDET

Basert på den beskrevne løsning har vi beregnet nedenforstående utbedring og tilhørende kostnader:

1. Fjerning av rauset steinmasse	kr. 7.200,-
2. Saging av asfaltkant langs mur og ved kryssing for stikkrenne	kr. 4.800,-
3. Oppgraving av fundamentgrøft for natursteinsmur, inkl. tilpassing av mur ved fjellnabb/stein, tilkjøring og utlegging av masse for fundament, oppmuring av natursteinsmur, lengde ca. 55 m	kr. 290.000,-
4. Graving av grøft for stikkrenne	kr. 2.500,-
5. Legging av drenerør langs mur og stikkrenne til grøft, 70 m	kr. 6.300,-
6. Tilbakefylling og utlegging av jord på plenareal ved innside mur, gjødsling, kalking og tilsåing av berørt areal, 90 m ²	kr. 10.500,-
7. Nyplanting tilsvarende skadet vekst under arbeidet langs innside mur	kr. 3.000,-
8. Reasfaltering av skadet areal langs mur og i vegbane, 100 m ²	kr. 25.000,-
9. Utlegging og planering av grus ved avkjørsel til eiendommen	kr. 6.000,-
10. Sluttrydding, opplasting, borttransport og deponering av vrakmasse	kr. 7.200,-
11. Rigging og administrasjon for entreprenør	kr. 7.500,-
12. Engangssum til grunneier for beplantning iht. avtale (10.000,- inkl. mva.)	kr. 8.000,-
13. Prosjektering og prisinnhenting/tilbud, søknad for tiltaket inkl. gebyr, byggeledelse/oppfølging av byggearbeidet på grunneiers vegne	kr. 43.000,-
Sum materiell og arbeid, eks. mva.	kr. 421.000,-
25% mva.	kr. 105.250,-
Sum materiell og arbeid, ^{inkl.} eks. mva.	kr. 526.250,-


Kalkylen er utført med utgangspunkt de beskrevne kvaliteter, egne erfaringstall/enhetspriser for tilsvarende prosjekter og med støtte i bl.a. samtaler med lokale maskin-entreprenører og Holte Byggsafe's Kalkulasjonsnøkkel. Det er benyttet normale lokale enhetspriser for den aktuelle type arbeid, der opplyst pris pr. m² for en natursteinsmurs-muring inkl. materiell av den aktuelle typen varierer mellom kr. 2.800,- og 4.500,- pr. m² eks. mva. for de ulike entreprenører. I tillegg kommer kostnaden med de andre elementer som inngår i avtalen mellom partene i denne saken.


for Ose Ingeniørkontor AS



Siv. ing. Trond Ose
Takstmann MNTF

Vedlegg: **Situasjonsplan med inntegnet prinsipløsning for natursteinsmur m.v.
Prinsippskisse natursteinsmur
Avtale 07.08.2006 inkl. vedlegg**





KARTUTSNITT

Dato: 03/11/04

Målestokk 1:500

HERØY KOMMUNE - ANLEGG- OG DRIFSAVDELINGA



HERØY KOMMUNE

AVTALE

Mellom Herøy kommune v/ Anleggs- og driftsavdelinga og eigar av gnr. 60 bnr. 262 er det inngått følgjande avtale:

For å førebygge mot skadar / ulemper for gnr. 60 bnr. 262 på grunn av overvatn og i samband med vegvedlikehald som snøbrøyting m.v. på kommunevegen vil Herøy kommune v/ Anleggs- og driftsavdelinga syte for å setje opp ein natursteinsmur med store steinar i grenselina mellom kommunevegen og gnr. 60 bnr. 262. Sjå vedlagt kartutsnitt i målestokk 1:500 datert 03.11.04 der muren er markert med raud farge. Utføring i følgje beskrivelse i vedlagt kopi av pristilbod frå Kjellmar Tarberg datert 22.06.06. I tillegg vert avkjørsla til eigedomen oppgrusa og planert. Evt. plantar som måtte verte skada / øydelagde ved bygginga av muren vil verte erstatta med nye.

Det er ein føresetnad at arbeidet vert oppstarta seinast i september 2006.


Eigar kan evt. seinare heve eller setje gjerde opp på muren for skjerming mot innsyn etter nærmare avtale med kommunen.


I tillegg vil Herøy kommune betale ut kr. 10.000,- som grunneigar sjølv kan disponere til tilstelling av hage.

Vedlegg:

1. Kartutsnitt datert 03.11.04
2. Pristilbod frå Kjellmar Tarberg AS datert 22.06.06

Stad, dato: Fosnavåg, 07.08.06


For Herøy kommune
HERØY KOMMUNE
Anleggs- og driftsavdelinga
6090 FOSNAVÅG


Eigar av gnr. 60 bnr. 262

Kjellmar Tarberg A.s

Graving — Sprenging — Transport
6076 MOLDTUSTRANDA KOMMUNE
PADMANNEN

Reg.no.	Skatt.kode
26 JUN 2006	
J.P. 0010 P	
J.P. 0010 S	
J.m.	Dokument
Kommune	

Org nr: 966 870 680
Telefon: 70 08 50 43
Fax: 70 08 58 07
Mobiltlf: 90 05 39 18
Bank : NORDEA
Bankgiro: 6568.05.00546

Moldtustranda 22.06.2006

Herøy Komune
Teknisk etat
6099 Fosnavåg

**Pristilbud på steinmur mot komuneveg på eiegenomen
Til Aud Karen Pettersen på Moldtustranda.**

Prisen omfatter graving av fundament for mur og oppfylling med pukk/singel
Så steinen blir liggende stabilt.


Levering og oppmuring av steinmur i to høgder med større stein, og på bakside
Skall det røysast opp store steinheller der det blir store sår eller muren blir stygg.
Det må sprengast en stor stein som kjem i veg for fundament / mur.
Lengda på muren blir ca 45-50 meter.

Pris på komplett steinmur
Flytting av tre og planter

Pris inkludert Moms


Kjellmar Tarberg

VEDLEGG 1.



Gnr. 60 bnr. 262

Storeelva, Moltu



AVTALE

Mellom Herøy kommune v/ Anleggs- og driftsavdelinga og eigar av gnr. 60 bnr. 262 er det inngått følgjande avtale:

For å førebygge mot skadar / ulemper for gnr. 60 bnr. 262 på grunn av overvatn og i samband med vegvedlikehald som snøbrøyting m.v. på kommunevegen vil Herøy kommune v/ Anleggs- og driftsavdelinga syte for å setje opp ein natursteinsmur med store steinar i grenselina mellom kommunevegen og gnr. 60 bnr. 262. Sjå vedlagt kartutsnitt i målestokk 1:500 datert 03.11.04 der muren er markert med raud farge. Utføring i følgje beskrivelse i vedlagt kopi av pristilbod frå Kjellmar Tarberg datert 22.06.06. I tillegg vert avkjørsla til eigedommen oppgrusa og planert. Evt. plantar som måtte verte skada / øydelagde ved bygginga av muren vil verte erstatta med nye.

Det er ein føresetnad at arbeidet vert oppstarta seinast i september 2006.


Eigar kan evt. seinare heve eller setje gjerde opp på muren for skjerming mot innsyn etter nærmare avtale med kommunen.


I tillegg vil Herøy kommune betale ut kr. 10.000,- som grunneigar sjølv kan disponere til tilstelling av hage.


Vedlegg:

1. Kartutsnitt datert 03.11.04
2. Pristilbod frå Kjellmar Tarberg AS datert 22.06.06

Stad, dato: Fosnavåg, 07.08.06


For Herøy kommune
HERØY KOMMUNE
Anleggs- og driftsavdelinga
6090 FOSNAVÅG


Eigar av gnr. 60 bnr. 262



KARTUTSNITT

Dato: 03/11/04

Målestokk 1:500

HERØY KOMMUNE - ANLEGG- OG DRIFTS-AVDELINGA



Kjellmar Tarberg A.s

Graving — Sprenging — Transport
6076 MOLDTUSTRANDA

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
2 6 JUN 2006	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Org nr: 966 870 680
Telefon: 70 08 50 43
Fax: 70 08 58 07
Mobiltf: 90 05 39 18
Bank : NORDEA
Bankgiro: 6568.05.00546

Moldtustranda 22.06.2006


Herøy Komune
Teknisk etat
6099 Fosnavåg

Pristilbud på steinmur mot komuneveg på eigedomen Til Aud Karen Pettersen på Moldtustranda.

Prisen omfatter graving av fundament for mur og oppfylling med puk/singel
Så steinen blir liggende stabilt.
Levering og oppmuring av steinmur i to høgder med større stein, og på bakside
Skall det røysast opp store steinheller der det blir store sår eller muren blir stygg.
Det må sprengast en stor stein som kjem i veg for fundament / mur.
Lengda på muren blir ca 45-50 meter.

Pris på komplett steinmur
Flytting av tre og planter

Pris inkludert Moms


Kjellmar Tarberg



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/1266
		Arkiv:	L03

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
157/13	Formannskapet	17.09.2013
114/13	Kommunestyret	26.09.2013

INNFARTSVEG FOSNAVÅG. GRUNNAVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG EIGAR AV GNR 37, BNR 50.

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr reiste habilitetsspørsmål då han er styreleiar i Sunnmørsbadet AS. Han går frå under handsaming av habilitet. Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6,1.ledd, bokstav e.

Varaordfører Tor Sindre Steinsvik leia møtet under handsaming av denne saka. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.09.2013

Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og eigaren av gnr 37, bnr 50 datert 09.08.2013.

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og eigaren av gnr 37, bnr 50 datert 09.08.2013.

Særutskrift:

- Andor H. Leine, Mikkeltaugen 1, 6092 Fosnavåg
- Assisterande rådmann
- Egedomsavdelinga
- Utviklingsavdelinga
- Anlegg- og driftsavdelinga

Vedlegg:

- Avtale mellom Herøy kommune og eigar av gnr 37, bnr 50.
- Kart datert 07.06.2013.

Saksopplysningar:

I K-sak 56/13 vart det gjort slikt vedtak:

«1. Kommunestyret godkjenner

- Grunnavtale med eigarane av gnr. 37 bnr. 5 og gnr. 37 bnr 26.
- Grunnavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune datert 08.03.2013 om rett til å legge innfartsveg/sambindingsveg over gnr 37 bnr 335.
- Grunnavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune datert 08.03.2013 om avståing av nødvendig grunn til Campus Fosnavåg.
- Grunnavtale med eigaren av gnr 37 bnr 165 og 166 Leif Roar Tronstad.
- Grunnavtale med eigaren av gnr. 29 bnr. 73 og 229 Anne Marie Pettersen

2. Møre og Romsdal fylkeskommune og Leif Roar Tronstad får tilbod om å avstå grunn som er omfatta av avtalane til kr 187,50 per m².

3. Kommunen dekkjer grunneigarane sine utgifter til advokatbistand i saka.

4. Grunnkjøpet vert finansiert av løyvingane til innfartsveg Fosnavåg/utbygging av Badeland.»

Leif Roar Tronstad har godteke tilbodet frå kommunen. Når det gjeld grunn til innfartsveg Fosnavåg, er det berre avtale med eigaren av gnr 37, bnr 50 som står igjen.

Innfartsvegen vil føre til inngrep i hagen til eigaren av gnr 37, bnr 50, jfr. vedlegg. Det har vore forhandla ei tid om tiltak for å avbøte desse ulempene. Framlegg til avtale ligg no føre, jfr vedlegg.

Vurdering og konklusjon:

Eg meiner at dei avbøtande tiltaka i avtalen står i eit rimeleg forhold til ulempene ved inngrepet i hagen til eigaren av gnr 37, bnr 50, og rår til at avtalen vert godkjend.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 13.08.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

AVTALE MELLOM HERØY KOMMUNE OG EIGAR AV GNR 37, BNR 50 ANDOR H. LEINE.

I samband med bygging av del av ny innfartsveg til Fosnavåg mellom eksisterande FV 654 og Campus Fosnavåg er det gjort slik avtale mellom partane:

1. Herøy kommune overtek ca 269 m² frå gnr. 37 bnr. 50 mot at eigaren av gnr. 37 bnr 50 overtek ca 199 m² frå Herøy kommune slik som vist på kart datert 07.06.2013.
2. Herøy kommune fyller opp og planerer arealet vest og nord for bustadhuset (mellom gang-/sykkelveg, hus, haug og vegfylling) til eit nivå tilsvarande nest siste steinhøgda på muren mot gang-/sykkelvegen. Ein del av det oppfylte arealet skal tilsåast og ein del grusast/asfalterast etter nærare avtale med eigar av gnr. 37 bnr. 50.
3. Herøy kommune steller til avslutninga mot haugen og knyter saman dei 2 hagenivåa med ein sti langs nordsida av huset.
4. Herøy kommune riv eksisterande murgarasje på vestsida av huset og legg rivingsmaterialet i fyllinga.
5. Herøy kommune set ned drenskum på nedre del av nytt oppfylt uteområde, legg ned drencrør frå kum og forbi vegskråning (etter anlegget vert dette ei privat leidning) samt sikrar drenering til kummen frå det oppfylte området.
6. Døra på nordsida av huset skal flyttast og nytt vindaug med redusert lysopning skal innsetjast på vestveggen. Døra og høgda på det nye vindauget vert å tilpasse i høve til det nye oppfyllingsnivået mot huset.
7. Herøy kommune tømmer eksisterande septiktank, knuser den og lar restane inngå som ein del av fyllinga.
8. Herøy kommune set opp nytt gjerde/rehabiliterer eksisterande gjerde frå enden av vernemur og vidare mot veg og gangveg.
9. Herøy kommune etablerar skjerming (levegg e.l.) for deler av uteopphaldsområdet på eigedommen som kompensasjon for fjerning av eksisterande vern (graner mot nord). Type og omfang av skjerming vert fastsett i samråd med eigar av gnr. 37 bnr. 50.

Fosnavåg, den 09.08.2013

.....
Herøy kommune

Andor H. Leine
.....
Eigar av gnr. 37 bnr. 50


95. RØDMÅLL

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Slik avtale mellom 07K	
12 AUG. 2013	
Ark.kode P	h03
Ark.kode S	
J nr.	Dok.nr. 27
Kassasjon	

INNFARTSVEG FOSNAVÅG MAKEBYTTE ANDOR LEINE/HERØY KOMMUNE

Herøy kommune overtek frå
Andor Leine
Areal=269 kv.m.

Andor Leine overtek frå
Herøy kommune
Areal=199kv.m.



HERØY KOMMUNE

07.06.2013 1:500

Det kan forekomme feil i kartet

0 5 10 15 20 m





Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JNP	Arkivsaknr:	2012/2086
		Arkiv:	233

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
14/13	Plan og byggenemnd	02.09.2013
158/13	Formannskapet	17.09.2013
115/13	Kommunestyret	26.09.2013

BUSTADAR FOR UNGE FUNKSJONHEMMA BRUKARAR - PROSJEKTRAMMER.

Møtebehandling:

Plan- og byggenemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 17.09.2013

1. Den økonomiske ramma for prosjektet vert auka frå 9,2 mill kroner til 15,61 mill. kroner.
2. Kommunestyret tek til vitande at kostnadsreducerande tiltak ikkje vil ha nemneverdig økonomisk betydning utan at det reduserer areal og kvalitet for bebruarar og bemanning vesentleg.
3. Tilleggsløyvinga på 6,15 mill. kroner vert finansiert med låneopptak.

Møtebehandling:

Det vart framlagt slik endra tilråding:

1. Den økonomiske ramma for prosjektet vert auka frå 9,2 mill kroner til 15,61 mill. kroner.
2. Kommunestyret tek til vitande at kostnadsreducerande tiltak ikkje vil ha nemneverdig økonomisk betydning utan at det reduserer areal og kvalitet for bebruarar og bemanning vesentleg.
3. Tilleggsløyvinga på 6,15 mill. kroner vert finansiert med låneopptak.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 02.09.2013

4. Den økonomiske ramma for prosjektet vert auka frå 9,2 mill kroner til 15,61 mill. kroner.
5. Kommunestyret tek til vitande at kostnadsreducerande tiltak ikkje vil ha nemneverdig økonomisk betydning utan at det reduserer areal og kvalitet for bebuarar og bemanning vesentleg.
6. Tilleggsløyvinga på 6,15 mill. kroner vert finansiert med låneopptak.

Tilråding:

4. Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen sine vurderingar av kostnadsreducerande tiltak ikkje vil ha nemneverdig økonomisk betydning utan at ein reduserer areal og kvalitet for bebuarar og bemanning vesentleg. Det er ikkje ønskjeleg.
5. Den økonomiske ramma for prosjektet vert auka frå 9,2 mill kroner til 15,61 mill. kroner.
6. Tilleggsløyvinga på 6,15 mill. kroner vert finansiert med låneopptak.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga
- Eigedomsavdelinga
- Bu- og habiliteringsavdelinga

Vedlegg:

- 1 .5 Perspektiver.PDF
- 2 1301-A20-2 Plan 1 etasje100 mb 140513.pdf
- 3 1301-A20-4 Plan U-etasje 100 mb 140513.pdf
- 4 2950_001.pdf
- 5 2949_001.pdf

Bakgrunn

Saka vert lagt fram med bakgrunn i PBN-sak 9/13 der det vart gjort følgjande vedtak. Sitat:
«Administrasjonen får i oppdrag å vurdere kostnadsreducerande løysingar/tiltak med utgangspunkt i m.a. Husbanken sine retningslinjer evt. andre veilederar og råd for slike bustadar i den grad slike finst. Saka vert så å legge fram for Plan- og byggenemnda på nytt.»

Saksopplysning:

Som følgje av vedtaket i PBN, så har administrasjonen, arkitekt og foreldrerepresentantar vurdert følgjande kostnadsreducerande tiltak:

Arealreduksjon

Lite gunstig mtp naudsynt tilrettelegging for denne brukargruppa. Dei fleste brukarane er avhengige av plasskrevjande og tunge hjelpemiddel, og dette medfører ytterlegare arealbehov utover normer for tradisjonelle omsorgsbustadar. Alle romfunksjonar er dimensjonerte for bruk av m.a. bære/pasientseng.

Planløsning

Tiltaket er planlagt oppført over 2 plan, med parkeringskjellar/lager i underetasjen og bueiningane over. Ei utforming med underetasje som synt på arkitektens skisser vil medføre betre stigningstilhøve/terrengtilpassing mot Herøy produksjon, kor det etter planen skal byggjast om til dagsenter. Brukarane er avhengige av å ha sine køyrety under tak, for best mogleg tilhøve under av- og på stigning frå rampe. Ei løysing med frittstående carportar/garasjar vil medføre ytterlegare opparbeiding av grunn, og infrastruktur elles. Kostnadar med opparbeiding av grunn vil ein også få ved evt. frittstående garasjar. Slik planløsningane no ligg føre er dei innafor byggjegrensene i reguleringsplanen. Arkitektsskissene syner i tillegg til dei 4 bueiningane også ein fellesdel/personaldel. Dette er etter krav frå husbanken, og skal fungere som samlingsstad for bebuarane i tillegg til lokalitet for døgnbemanning.

Løyvingar og forbruk:

I 2011-budsjettet vart det løyvd 750.000 kroner til planlegging. Forbruket i 2011 var 70.000 kroner. I 2012-budsjettet vart det løyvd 9,25 mill. kroner til prosjektet. Av dette vart det brukt 240.000 kroner til planlegging. Resterande del av løyvingane i 2011 og 2012 vart ikkje vidareførte/overførte til nytt budsjettår. Sjå tabell nedanfor.

År	Budsjett (kr.)	Forbruk(kr.)
2011	750 000	70 000
2012	9 250 000	240 000
	Forbruk 2011 og 2012	310 000

Det er i budsjettet for 2013 avsett 9,15 mill. kroner til prosjektet.

Løyvingane er slik dei ligg i budsjettet underkalkulert, og er ikkje i samsvar med dagens byggjekostnadar. Løyvingane var gjorde med bakgrunn i 4 bueiningar, ved prosjektera har det m.a. synt seg at det ikkje var teke tilstrekkeleg høgde for naudsynte areal som følgje av døgnbemanning og naudsynt brukarutstyr. Ein vil leggje til rette for at fellesdelen for ettertida med enkle grep kan omdisponerast til «bueining» dersom behova skulle endre seg. Til orientering så var byggjekostnadane på Solheim (Myklebust) i overkant av 3 mill. pr eining, oppført i 2009.

Arkitekten har utarbeidd ny kostnadskalkyle basert på eigne skisser. Dette syner ein prosjektkostnad på ca 15,3 mill. kroner. Dette medfører behov for tilleggslyøyving som følgjer:

Prosjektkostnad (kalkyle):	kr. 15.300.000,-
Forbruk 2011 og 2012:	kr. 310.000,-
Total prosjektkostnad:	kr. 15.610.000,-
-Inndekt over løyvingar i 2011 og 2012:	kr. 310.000,-
Resterande prosjektkostnad:	kr. 15.300.000,-
-Løyvingar 2013:	kr. 9.150.000,-
Behov for tilleggslyøyving:	kr 6.150.000,-

Prosjektkostnaden er basert på nasjonale erfaringstal og kan avvike ift lokale byggjekostnadar. Endelege kostnadar vil fyrst bli synlege ved tilbodsinnhenting. Tilbodsgrunnlag blir framlagt for plan- og byggenemnda for godkjenning før evt utlysning av

konkurransen. Ved negativt avvik i kalkylene så blir saka igjen lagt fram for formannskap og kommunestyre.

Vurdering og konklusjon:

Prosjektet er slik det no ligg føre basert på funksjonskrav knytt til denne brukargruppa. Arealmessig ligg tiltaket noko over tradisjonelle omsorgsbustadar, men ein har også lagt til rette for bruk av bære/seng. Ved å etablere parkering i underetasje så vil dette forenkle situasjonen for tilkomst samt av- og påstigning. Etablering av underetasje vil også medføre enklare terrengtilpassing ned mot Herøy produksjon (dagsenter). Tilrettelegging for denne brukargruppa forholdsvis store og kostnadsdrivande tiltak, både bygningsmessig og teknisk.

Bu- og habiliteringsavdelinga har i samband med denne saksutgreiinga uttalt følgjande. Sitat: «*Noverande omsorgsbustadar i Bu og habiliteringsavdelinga er ikkje tilrettelagt for brukargruppa som treng bustad. Mengd av hjelpemiddel pr. brukar, og medisinsk utstyr krev plass. Denne brukargruppa treng døgkontinuerlig tilsyn. Det vil vere lettare for brukarane og personalet når leilegheitene er tilrettelagde med rett og lett tilgjengelege hjelpemiddel som er praktiske for dei daglege gjeremåla.*

I forhold til forflytning til bil og andre fasilitetar vil det vere ein stor fordel å få gå tørrskodd til garasje. Slik situasjonen er no, må ein stå ute i all slags vær og det tek tid å få brukar, utstyr og personale inn i bilen. Helsen situasjon til enkelt brukarar som er somatisk sjukdom, sjølvskading eller anna gjer at ein ikkje gå i frå brukar i lengre periodar. For eksempel, for å måke snø av bil og framkomst til bil eller anna.

Hvis ein ikkje får byggje desse leilegheitene må brukarane bu i bustadar som er dårleg tilpassa for deira behov. Nokon av brukarane som no er over 18 år bur fortsatt hos pårørande.

Det vil vere ein fordel for brukarane med dette behovet å vere samla. Personalet vil alltid ha ein sparringpartnar og medhjelpar i høve alle gjeremål rundt enkelt brukar. Godt tilrettelagt bustad gjer kvardagen enklare for brukar, personale og ein høgare nærværsfaktor.» Sitat slutt.

Utarbeiding av konkurransegrunnlag og utlysning av konkurranse vil bli utført etter godkjenning av nye kostnadsrammer.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vil folkehelsemessig vere positivt for både brukarar, pårørande og personalet.

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket har risikoklasse 6, og blir definert som særskilt brannobjekt. Direktevarsling ved brann, og heildøgns bemanning.

Konsekvensar for drift:

Eigedomsavdelinga vil få ei brutto auke i årlege driftskostnader ved ferdigstilling av prosjektet knytt til forvaltning, drift og vedlikehald av bygningsmassen. Bustadane er meint for utleige til private. I prinsippet bør difor kostnadane kunne dekkast inn gjennom den årlege husleiga frå leigetakarane slik at årleg netto konsekvens blir sett til kr. 0. Prosjektet utvidar antall utleigebustadar med 4 einingar. Sum brutto bygningsareal aukar med 624 m².

Med bakgrunn i saksutgreiinga og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at det vert gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen sine vurderingar av kostnadsreducerande tiltak ikkje vil ha nemneverdig økonomisk betydning utan at ein reduserer areal og kvalitet for bebuarar og bemanning vesentleg. Det er ikkje ønskjeleg.
2. Den økonomiske ramma for prosjektet vert auka frå 9,2 mill kroner til 15,61 mill. kroner.
3. Tilleggsøyvinga på 6,15 mill. kroner vert finansiert med låneopptak.

Fosnavåg, 20.08.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: John Normann Pettersen



1:388,89 Perspective 1



1:388,89 Perspective 2



1:388,89 Perspective 3

Prosjektnr.: 1301-	Teikningsnr.: .5	Tittel: Perspektiv 1-3	Korrigert dato:	Index:
-----------------------	---------------------	---------------------------	-----------------	--------

BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune	Dato: 07.05.13	Målestokk: 1:388,8	magne bergseth, sivilark. mnal Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no.
	Teikna av: mb	Kontroll	



1:388,89Perspective 4



1:388,89Perspective 5

Prosjektnr.: 1301-	Teikningsnr.: .5	Tittel: Perspektiv 4-5	Korrigert dato:	Index:
-----------------------	---------------------	---------------------------	-----------------	--------


BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune	Dato: 07.05.13	Målestokk: 1:388,8	magne bergseth, sivilark. mnal Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no.
	Teikna av: mb	Ø ntroll	



Rev A. Etter prosjektmøte 09.04.2013 mb

Prosjektnr.: 1301-	Teikningsnr.: A20 -2	Tittel: Plan 1. Etasje 100	Korrigert dato: 14.05.13	Index: A
BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST		Dato: 18.02.12	Målestokk: 1:100	magne bergseth, sivilark. mnl Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no.
G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune		Teikna av: mb	Kontroll:	

© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke



1:100 Kjellar

Rev A. Etter prosjektmøte 09.04.2013 mb

Prosjektnr.: 1301-	Teikningsnr.: A20 -4	Tittel: Plan kjellar 1t 100	Korrigert dato: 14.05.13	Index: A
BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune		Dato: 18.02.12	Målestokk: 1:100	magne bergseth, sivilark. mnal Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no.
		Teikna av: mb	Kontroll:	

© Alle rettigheter tilhører utførende for prosjekteringen, kopiering eller bruk av disse tegningene er forbudt uten skriftlig samtykke

1301 UNGE FUNKSJONSHEMMA, Myklebust Herøy kommune.

Alt 2. Toplansløsning med heis

	m2	kr./m2 *	sum
1 Oppvarma bruksareal (begge etasjer)	568	16 000	9 088 000
2 Carporter og uteboder	56	7 000	392 000
3 Heis**			400 000
Huskostnad			9 880 000
Utandørs***	1 000	1 300	1 300 000
Byggekostnad			11 180 000
Spesielle kostnader (MVA)			2 795 000
Grunnkalkyle			13 975 000
Forventa tillegg og margin (10%)			1 397 500
Forventa prosjektkostnad			15 372 500
Pr m2 (1 og 2)		24 635	
Pr eining (4 stk.) brutto		3 843 125	
Investeringsstilskot Husbanken****			-3 360 000
Tilskot Enova lavenergi kl. A*****			-154 650
Tilskot Enova passivhus	231 975		
Prosjektkostnad eks støtteordningar			11 857 850
Pr eining (4 stk.) brutto			2 964 463

*)Ca snitt mellom "normal" og "høg" standard for omsorgsboliger (Holte-prosjekt)

**) Pris standard bæreheis eks sjakt invendig stol 1200 x 2100 (Reber Schindler)

**) Pr m2 opparbeidd tomt (Holge utendørs bolig normal standard)

****) 30% av maks 2,8 mill pr. bueining.

*****) kr. 300,- pr m2 for lavenergi kl A (kr. 405, for passivhus)

Magne Bergseth 19.02.13



HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JNP	Arkivsaknr:	2012/2086
		Arkiv:	233

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
9/13	Plan og byggenemnd	29.05.2013

BUSTADER FOR UNGE FUNKSJONSHEMMA - PLANSTATUS OG PROSJEKTRAMMER.

Tilråding:

Administrasjonen får i oppdrag å vurdere kostnadsreducerande løysingar/tiltak med utgangspunkt i m.a. Husbanken sine retningslinjer evt. andre veilederar og råd for slike bustadar i den grad slike finst. Saka vert så å legge fram for Plan- og byggenemnda på nytt.

Møtebehandling:

Janne Endresen orienterte om behov (brukarar).
Reinholdsleiar orienterte om behov for større bøttekott.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Plan og byggenemnd - 29.05.2013

Administrasjonen får i oppdrag å vurdere kostnadsreducerande løysingar/tiltak med utgangspunkt i m.a. Husbanken sine retningslinjer evt. andre veilederar og råd for slike bustadar i den grad slike finst. Saka vert så å legge fram for Plan- og byggenemnda på nytt.

Vedlegg:

- 1 Unge funksjonshemma, reviderte teikningar..html
- 2 5 Perspektiver.PDF
- 3 1301-A20-1 Plan 1 etasje 200 mb 140513.pdf
- 4 1301-A20-2 Plan 1 etasje100 mb 140513.pdf
- 5 1301-A20-3 Plan U-etasje 200 mb 140513.pdf
- 6 1301-A20-4 Plan U-etasje 100 mb 140513.pdf
- 7 Unge funksjonshemma Myklebust 190213mb.xlsx

Saksopplysningar:

Det er i budsjettet for 2013 avsett kr 9,2 mill for oppføring av 4 nye bustadar for unge funksjonshemma brukarar i Herøy kommune. Område på Myklebust er regulert til formålet, som også er lagt til grunn ved planlegging av bustadane.

Det vart i 2012 gjennomført synfaringar rundt om kring i distriktet på liknande bustadar, der fageiningar og foreldrerepresentantar var representerte. Arkitektkonkurranse vart utlyst på hausten 2013 der arkitekt Magne Bergseth vart tildelt oppdraget.

Status pr dato:

Arkitekten har på grunnlag av behovsanalyse og funksjonskrav knytt til slike bustadar utarbeidd ulike alternative forslag. Etter at fyrste utkast låg føre møttest fageiningar, verneombod og foreldrerepresentantar for drøfting av planløyningar mm. Forslag som gjekk ut over regulerte byggjegranser vart forkasta, og ein gjekk vidare med skissene som synte bebyggelse innanfor regulerte grenser. Dette alternativet er revidert etter møte, og ligg ved denne saka. Presiserer at fageining og brukrgruppe har merknadar til denne skissa.

Arkitekten har i høve sine arbeider hatt dialog med husbanken mtp utforming og tilrettelegging.

Prosjektrammer:

Det er totalt løyvd kr 9,2 mill for tiltaket. I høve utarbeidde løysingar så har arkitekten lagt fram kalkyle som syner kostnadsramme på ca kr 15,3 mill. Kalkyle er vedlagt denne saka.

Arkitekten antyder at evt kostnadsreducerande tiltak er å byggje over eit plan med frittstående carportar, og ikkje underetasje med biloppstilling som innteikna. Øvrige tiltak kan vere rein arealreduksjon, men ein vurderer dette som vanskeleg pga arealkrevjande tilrettelegging for brukargruppa og plasskrevjande hjelpemiddel.

Som følgje av stort sprik mellom økonomiske rammer og utarbeidde kostnadskalkyler blir saka framlagt for plan- og byggjenemnda for handsaming.

Vurdering og konklusjon:

Kalkulert kostnad er så pass stor i forhold til budsjett at ein vurderer det som naudsynt å ta ei nøyve vurdering med sikte på kostnadsreducerande tiltak.

Konsekvensar for folkehelse: Ikkje vurdert pr dato.

Konsekvensar for beredskap: Ikkje vurdert pr dato.

Konsekvensar for drift: Ikkje vurdert pr dato.

Fosnavåg, 22.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: John Normann Pettersen



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/1266
		Arkiv:	L03

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
159/13	Formannskapet	17.09.2013
116/13	Kommunestyret	26.09.2013

GRUNNKJØP. CAMPUS FOSNAVÅG.

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr reiste habilitetsspørsmål då han er styreleiar i Sunnmørsbadet AS. Han går frå under handsaming av habilitet.

Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6, 1. ledd, bokstav e.

Varaordførar Tor Sindre Steinsvik leia møtet under handsaming av denne saka.

AP/Venstre kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga:

Grunnkjøpet og ulempeserstatning vert finansiert av løyvingane til innfartsveg Fosnavåg/utbygging av badeland.

Det vart røysta todelt.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå AP/Venstre vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 17.09.2013

Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og eigaren av gnr 29, bnr. 73 og 229 datert 11.09.2013 som erstattar avtalen av 19.10.2012, godkjend i K-sak 56/13, om avståing av grunn til Campus Fosnavåg.

Grunnkjøpet og ulempeserstatning vert finansiert av løyvingane til innfartsveg Fosnavåg/utbygging av badeland.

Tilråding:

Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og eigaren av gnr 29, bnr. 73 og 229 datert 11.09.2013 som erstattar avtalen av 19.10.2012, godkjend i K-sak 56/13, om avståing av grunn til Campus Fosnavåg

Særutskrift:

- Anne- Marie Pettersen
- Assisterande rådmann
- Anleggs- og driftsavdelinga
- Utviklingsavdelinga
- Eigedomsavdelinga
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- Avtale datert 11.09.13 med vedlegg.

Saksutgreiing

I K-sak 56/13 vart det gjort slikt vedtak:

«1. Kommunestyret godkjenner

- Grunnavtale med eigarane av gnr. 37 bnr. 5 og gnr. 37 bnr 26.
- Grunnavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune datert 08.03.2013 om rett til å legge innfartsveg/sambindingsveg over gnr 37 bnr 335.
- Grunnavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune datert 08.03.2013 om avståing av nødvendig grunn til Campus Fosnavåg.
- Grunnavtale med eigaren av gnr 37 bnr 165 og 166 Leif Roar Tronstad.
- Grunnavtale med eigaren av gnr. 29 bnr. 73 og 229 Anne Marie Pettersen

2. Møre og Romsdal fylkeskommune og Leif Roar Tronstad får tilbod om å avstå grunn som er omfatta av avtalane til kr 187,50 per m2.

3. Kommunen dekkjer grunneigarane sine utgifter til advokatbistand i saka.

4. Grunnkjøpet vert finansiert av løyvingane til innfartsveg Fosnavåg/utbygging av Badeland.»

Denne saka gjeld ny avtale mellom Herøy kommune og Anne Marie Pettersen som erstattar avtalen datert 19.10.2012 om avståing av nødvendig grunn til Campus Fosnavåg godkjend i K-sak 56/13.

Avtalen av 19.10.2012 går ut på at Anne-Marie Pettersen får erstatninga for avstått grunn fastsett ved frivillig skjønn. På grunnlag av vedtaket i K-sak 56/13, sjå ovanfor, og K-sak 101/13 om ny avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om masseutskifting og grovplanering av arealet mellom Herøy vidaregåande skule og ny veg, er avtalen med Anne- Marie Pettersen reforhandla.

Det nye avtaleframlegget av 11.09.2013 går ut på at kommunen ervervar eit noko større areal enn det som opphavleg var planlagt. Dette legg til rette for at ein høg steinmur mot vegen kan erstattast med ei tilsådd skråning. Dette kan gje ei innsparing for prosjektet på ca. 300.000 kr.

Grunneigaren har akseptert ei erstatning på kr 187,50 pr m2. I tillegg skal det utbetalast ei ulempeserstatning på 50.000 kr.

I reguleringsplanen for området er eigedomen regulert til offentleg føremål. Det er ikkje konkrete planar om å innløyse eigedomen, men reguleringsplanen gir kommunen rett til slik innløyseing. Grunneigaren ynskjer å sikre seg at kommunen innløyser eigedomen når ho ikkje lenger ynskjer å bu i huset, då det kan vere vanskeleg å få selt ein eigedom som er regulert til offentleg føremål. Innløyseingssummen i pkt 6 er den same som kommunen innløyste naboeigedomen for i 2012.

Vurdering og konklusjon:

Den nye avtalen mellom Herøy kommune og Anne- Marie Pettersen medfører at det vert lagt til rette for at ein høg steinmur mot vegen kan erstattast med ei tilsådd skråning. Dette kan gje ei innsparing for prosjektet på ca. 300.000 kr.

Eg legg til grunn at den nye avtalen ikkje vil føre til vesentleg meirkostnad for kommunen enn om erstatninga skulle verte fastsett ved frivillig skjønn slik det var avtalt i førre avtale.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen kosekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 11.09.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

AVTALE

Om

Grunnkjøp/innløyising av eigedom
mellom

Herøy kommune (kjøpar)

og eigar av gnr. 29, bnr. 73 og gnr. 29, bnr 229 Anne Marie Pettersen (seljar).


1. Seljar sel og overdreg til kjøpar slikt areal som er avmerka på vedlagde kartutsnitt. Nøyaktige grenser for arealet vert avtalt mellom kjøpar og seljar ved utstikking i marka.
2. Kjøpesummen skal vere kr 187,50 pr. m2. I tillegg skal det utbetalast ei erstatning på kr 50.000 for arronderingsulemper og ulempe grunneigaren har hatt i anleggstida.
3. Kjøpar kan ta arealet i bruk straks og det skal betalast 4 % rente frå grunnen vert teken i bruk til utbetaling skjer.
4. Kjøpar vert ved avtalen gjeven rett og plikt til å søkje avtaleareala frådelte og klargjorde for overskøyting. Kjøpar dekkjer kostnadene ved dette og ein føreset at nødvendig frådeling vert gjort ved første høve.
5. Kjøpesummen forfell til kontant oppgjør mot skøyte klar for heftefri tinglysing. Den eksakte kjøpesummen vil følgje av storleiken på det arealet som no skal delast frå og seljast.
6. Når seljar ikkje lenger ynskjer å bu i huset, har kjøpar plikt til å innløyse eigedomen til ein pris fastsett til 2.160.000 kr indeksregulert frå 01.10.2013.


Fosnavåg *11.09*.....2013

Herøy kommune

Anne Marie Pettersen

Eigar av gnr. 29, bnr. 73 og 229



 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2012/60	Saksbeh. LR
19 OKT. 2012	
Ark.kode P L12	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 28
Kassasjon	

AVTALE OM GRUNNAVSTÅING

1. Mellom Herøy kommune og eigar av gnr 29, bnr 73⁰⁹ 229 er det gjort avtale om avståing av nødvendig grunn til Campus Fosnavåg.
2. Denne avtalen byggjer på at utbygginga vert som vist på vedlagde kartutsnitt datert 25.05.2012.
3. Partane er samde om at prisen på areala som avtalen omfattar, skal fastsettast ved skjønn for Søre Sunnmøre tingrett. Herøy kommune vil krevje skjønn som skal haldast som rettsleg skjønn i samsvar med skjønnsprosesslova § 4 (avtaleskjønn). Skjønnet skal bygge på vanlege oreigningsrettslege prinsipp, også i saksomkostningsspørsmålet.
4. På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor er partane samde om at Herøy kommune straks kan overta og tiltre nødvendig grunn til Campus Fosnavåg.
5. Herøy kommune kan med heimel i denne avtalen rekvirere delings- og oppmålingsforretning for dei areala som vert erverva. Kommunen dekkjer kostnadene i samband med frådelinga.

Stad:

Dato

Arne Marie Pettersen.

Eigar av gnr 29, bnr 73, 229

Herøy kommune



Pleie- og omsorgsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Pleie og omsorgsavdelinga-Offl. § 13

Sakshandsamar:	MDAL	Arkivsaknr:	2013/677
		Arkiv:	411

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
29/13	Komite for Helse og omsorg	22.08.2013
117/13	Kommunestyret	26.09.2013

OMGJERING AV LÆRLINGSTILLING TIL FAST STILLING FOR KOKK

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 22.08.2013

1. Personal- og organisasjonsavdelinga reduserer med ei heil stilling for lærling
2. Pleie- og omsorgsavdelinga aukar med 50 % stillingsheimel for institusjonskokk
3. For 2013 vert det gjort ei intern budsjettkorrigering mellom dei to avdelingane. Frå 2014 budsjetterer avdelingane etter dei nye føresetnadane

Tilråding:

4. Personal- og organisasjonsavdelinga reduserer med ei heil stilling for lærling
5. Pleie- og omsorgsavdelinga aukar med 50 % stillingsheimel for institusjonskokk
6. For 2013 vert det gjort ei intern budsjettkorrigering mellom dei to avdelingane. Frå 2014 budsjetterer avdelingane etter dei nye føresetnadane

Særutskrift:

Personalavdelinga
Økonomiavdelinga
Kjøkkensjefen
HTV for fagforbundet, delta

Vedlegg: 0

Bakgrunn:

Kjøkkensjefen ber om å få gjere om ei lærlingstilling for institusjonskokk til fast stilling for institusjonskokk. Dette for å sikre kompetanse og meir stabil drift ved kjøkkenavdelinga.

Saksopplysningar:

Kjøkkenavdelinga dekker drifta ved både Herøy- og Myrvåg omsorgssenter, og kjøkkena har i fleire år hatt to lærlingar som institusjonskokk. Den eine har for det meste vore på Herøy sjukeheim, medan den andre har vore mest ved Myrvåg sjukeheim. Drifta ved kjøkkena er basert på at der må vere det antal personar som lærlingane er med å dekke. Ein har over tid erfart at kombinasjonen med ein kokk og ein lærling i dagleg drift, slik det er i Myrvåg, vert for sårbar.

Pleie- og omsorgsavdelinga har vore i dialog med personalavdelinga som har lærlingressursane. Det siste året har ein ikkje fått rekruttert lærling ved kjøkkenet i Myrvåg og ein har fått nytte lønsmidlar for lærling til lønn for vikar på kjøkkenet.

Denne saka handlar om å omdisponere midlar ved å erstatte ei 100 % lærlingstilling med ei 50 % stilling for institusjonskokk. Lærlingen sine oppgåver må erstattast av ein kokk då oppgåvene ligg på dette kompetansenivået.

Talgrunnlag:

	Årsløn
	361 900
Ferietillegg 1,23 %	4 524
Sum	366 424
KLP 16,5 %	60 460
Sum	426 884
Arb.gj.avg 14,1 %	60 191
Total sum	487 075

Kostnad 0,5 stilling for kokk = 243 538,-

Lønsmidlane til lærlingane varierer etter kvar dei er i utdanningsløpet, men samla sett tilsvarer det omlag 50 % stilling for kokk, noko som er tilfredsstillande for å dekke behovet knytt til bortfall av lærlingstillinga.

Ved å foreta ei budsjettendring frå personalavdelinga til pleie- og omsorgsavdelinga vil det vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for budsjettåret 2013. Frå 2014 vert det ein auke i stillingsheimlar og lønsutgifter tilsvarande 0,5 stilling for kokk for pleie- og omsorgsavdelinga. Personal- og organisasjonsavdelinga reduserer tilsvarande 100 % stilling for kokkelærling.

Vurdering og konklusjon:

Kjøkkenavdelinga har lang erfaring med lærlingar, og ser dette som eit verdifullt supplement til den faste staben. Trass i det ynskjer ein no å redusere inntaket av kokkelærling. Rekrutteringsaspektet er ivaretatt då ein framleis vil ha ei lærlingstilling, som i hovudsak vert forankra ved Herøy omsorgssenter.

Dei faglege krava til kjøkkendrift har auka og kjøkkenavdelinga har over tid opplevd behov for meir kompetanse. I Myrvåg har det vore ein kokk og ein lærling i arbeid. Ved fråvær i kokkestillinga er det vanskelig å gi lærlingen god nok oppfølging, og det kan i verste fall få konsekvensar for kvaliteten på tenestene. Det har til tider, og seinast i år, vore vanskelig å rekruttere kvalifiserte lærlingar i Myrvåg.

Det er vurdert som viktig å få erstatta den eine lærlingstillinga med kokk, for samla sett å kunne sikre ei god og stabil drift ved kjøkkenavdelinga.

Konsekvensar for folkehelse:

Ein får betre ivaretaking av kvaliteten ved å styrke kompetansen slik at ein vert mindre sårbar ved fråvær. Omlegginga reduserer stressnivået for både leiar og kokkar som i dag får ekstra byrde ved den sårbare drifta.

Konsekvensar for beredskap:

Stadige ad-hoc løysingar vert erstatta med permanent drift.

Konsekvensar for drift:

For å sikre omsorgssentra stabil og kvalifisert kjøkkentjeneste er vi avhengig av å ha nok kompetanse for å halde oppe kvalitet og kapasitet. Dette tiltaket vil bidra til det.

Fosnavåg, 22.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Ragnhild Velsvik Berge
Pleie- og omsorgsleiar



Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2012/291
		Arkiv:	G21

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
28/13	Komite for Helse og omsorg	22.08.2013
118/13	Kommunestyret	26.09.2013

DELTAING I FELLES NATTLEGEVAKT I VOLDA – ENDRA AVTALE FOR SAMARBEIDET

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 22.08.2013

1. Herøy kommune inngår ny og endra avtale om nattlegevakt i Volda med dei samarbeidande kommunane Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein og Sande.
2. Ordninga gjennomførast som eit administrativt vertskommunesamarbeid, jf kommunelova § 28-1 b, med Volda kommune som vertskommune.
3. Endring i avtala førar ikkje til endra økonomiske konsekvensar utover den ordninga som vart etablert frå 1.1.2013 i medhald av kommunestyrets vedtak i sak 218/12.

Tilråding:

4. Herøy kommune inngår ny og endra avtale om nattlegevakt i Volda med dei samarbeidande kommunane Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein og Sande.
5. Ordninga gjennomførast som eit administrativt vertskommunesamarbeid, jf kommunelova § 28-1 b, med Volda kommune som vertskommune.
6. Endring i avtala førar ikkje til endra økonomiske konsekvensar utover den ordninga som vart etablert frå 1.1.2013 i medhald av kommunestyrets vedtak i sak 218/12.

Særutskrift: Volda kommune

Hareid, Ulstein, Sande, Ørsta kommuner

Vedlegg:

1. Utkast til avtale om interkommunalt nattlegevaktsamarbeid
2. Melding om politisk vedtak frå Volda kommune, datert 24.6.2013
3. Referat frå styremøte nattlegevakta, 29.5.2013.

Saksopplysningar:

Samandrag:

Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein kommunar har sidan 2009 hatt eit samarbeid om felles nattlegevakt. Frå 1.1.2013 vart ordninga utvida ved at Herøy og Sande kommunar og vart med i samarbeidet. Denne utvidinga av ordninga har ført til at ein har sett det ønskjeleg at det vert inngått ei ny avtale mellom partane som formaliserar samarbeidet som eit vertskommunesamarbeid.

Aktuelt:

Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein kommunar har sidan 2009 hatt eit samarbeid om felles nattlegevakt ved sjukehuset i Volda. Volda kommune har vore vertskommune for ordninga og kostnadane har vore fordelt mellom kommunane etter innbyggjartal. Faslege Jørn Kippersund i Volda har vore tilsett i 20% stilling som nattlegevaktsjef sida ordninga vart etablert og er det fortsatt. Det er i tillegg inngått avtale med helseføretaket om leige av lokalar ved akuttmottaket ved sjukehuset og om felles bruk av sjukepleiarressursar i mottaket som hjelpepersonell ved nattlegevakta.

Nattlegevakta dekkjar legevaktsansvaret for kommunane i mellom kl. 22.-08 kvar dag.

Ordinga er drive med eit styre med representantar frå kommunene og frå helseføretaket. Det er og eit fagråd som jobbar med kvalitetsspørsmål inkl. handsaming av avvik.

Herøy og Sande kommunar gjekk inn i nattlegevakta frå og med 1. januar i år. Dette skjedde etter ei politisk handsaming i baa kommunane. Etter at denne utvidinga var gjort fant ein at den eksisterande samarbeidsavtala ikkje var godt nok tilpassa endringane i kommuneleoven. Det vart derfor raskt sett i gang ein prosess med utarbeiding av ei ny samarbeidsavtale kor mellom anna Volda kommune si rolle som

vertskommune er tydelegare. Det har mellom anna ført til at ordninga med eit eige styre er teke ut av avtala og ein har i staden definert eit samarbeidsorgan som skal kunne gi råd til kommunen og til nattlegevaktsjefen om drifta.

Styret i nattlegevakta har i møte 29. mai 2013 samrøystes vedteke å tilrå godkjenning av ny samarbeidsavtale.

Vurdering og konklusjon:

Denne nye avtala er tilpassa kommunelovens reglar om vertskommunesamarbeid og er såleis eit godt grunnlag for å videreføre eit samarbeid som alle kommunane har stor nytte av. Det vert ved denne avtala inga endringar i tenesta for innbyggjarane eller for legane som delteke i ordninga. Endring i avtala førar i seg sjølv heller ikkje til endra økonomiske konsekvensar av samarbeidet. Den nye avtala vil bidra til å klargjøre ansvaret mellom dei ulike deltakarane i samarbeidet noko ein ser på som ein fordel. Rådmannen vil etter dette tilrå at Herøy kommune inngår den nye og endra avtala om nattlegevakt med dei samarbeidande kommunane.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen direkte konsekvensar

Konsekvensar for beredskap:

Ingen direkte konsekvensar

Konsekvensar for drift:

Ingen direkte konsekvensar

Fosnavåg, 13.08.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

Avtale om interkommunalt legevaktsamarbeid, natt

1. Partane

Eksisterande avtale er frå 1.1.2013 inngått mellom følgjande parter:

- i) Volda kommune, org. nr 93976094
- ii) Ørsta kommune, org. nr 939461450
- iii) Hareid kommune, org. nr 964979278
- iv) Ulstein kommune, org. nr 964979456
- v) Herøy kommune, org. nr 964978840
- vi) Sande kommune, org. nr 822534422

Samarbeidet vert å gjennomføre etter reglane i kommunelova § 28-1b - administrativt vertskommunesamarbeid, kfr. også kommunelova § 28-1a-k.

2. Føremål

Avtalen gjeld interkommunalt samarbeid om felles legevakt for deltakarkommunane i tidsrommet frå kl 22.00 til kl. 08.00 neste dag. Føremålet er å sikre ei stabil og forsvarleg legevakt for innbyggjarane i kommunane og å sikre legane trygge arbeidsforhold.

Volda kommune er vertskommune for avtalen og har med det arbeidsgjevaransvar og øvrig administrativt ansvar i ordninga. I dette inngår også ansvar for å inngå avtale med helseføretaket i Møre og Romsdal om leige av lokaler og avtale om bruk av hjelpepersonell som er tilsett i føretaket.

Ordninga vert driven i høve dei generelle lover og regler som gjeld for drift av legevakter.

3. Organisering av nattlegevaktordninga

Vertskommunen har fullt overordna fagleg og administrativt/organisatorisk ansvar. Dette systemansvaret går utover det faglege ansvaret den einskilde nattlegevaktlege til ei kvar tid har.

Nattlegevakta skal vere samlokalisert med akuttmottaket ved sjukehuset i Volda. Legevakta er organisert som tilstadevakt i samsvar med SFS 2305 mellom KS og legeföreningen § 8. Legane skal også reise på sjukebesøk og delta i utrykning når det er medisinsk behov for dette.

Leiar for nattlegevaktordninga er for tida fastsett til 20 % stilling.

Fastlegane i den interkommunale nattlegevakta deltek på like premisser. Det er eit mål å sikre at legane som deltek i ordninga i størst mogleg grad skal vere allmennlegar i fast arbeid i kommunane. Eksterne vikarar kan nyttast ved særskilde høve.

Kommunane Herøy, Sande, Ulstein, Hareid og Ørsta sørgjar for å ha ein fast kontaktperson som kommuniserer med leiinga ved nattlegevakta. Kontaktpersonen har ansvar for oppdatert oversikt over legane som arbeider som allmennlegar i kommunen og som er tilgjengelege for vaktordninga. Denne oversikta skal innehalde namn, personnr, adresse, e-post og mobilnummer.

Volda kommune skal teikne arbeidsavtale med alle legane som deltek i ordninga.

4. Kostnadsfordeling

Nettutgifter (brutto utgifter minus inntekter tilknytt ordninga som til dømes pasientbetaling og refusjon frå HELFO) med legevaktordninga skal fordelast på alle deltakarkommunane etter innbyggjartal pr 1. januar i det enkelte driftsår.

Oversikt over kostnader som inngår i kostnadsgrunnlaget:

- lønsutgifter til lege for tilstadesvakt ved nattlegevakta i tidsrommet 22-08, samt reisekostnader for lege etter gjeldande sentrale avtaleverk
- utgifter i samband med avtale med helseforetaket (jfr lønsutgifter til hjelpepersonell, husleige mv)
- lønsutgifter nattlegevaktsjef
- alle naudsynte driftsutgifter til nattlegevakta, her under datautstyr, lisensar, forbruksmaterieill, kommunikasjonsutstyr m.m.
- utgifter til naudsynt felles møteverksemd knytt til drifta
- utgifter til naudsynte forsikringar, eventuelle erstatningar til pasientar eller tilsette i samband med uhell, skader og liknande
- andre utgifter som kan kome på, og som er nødvendige for å drive nattlegevaktordninga
- administrasjonskostnad til vertskommunen kr 100.000 per år og med årleg indeksregulering (KPI)
- Ved hendingar som påfører nattlegevakta eit erstatningsansvar, skal erstatningsbeløp og kostnader forøvrig knytt til hendinga, fordelast mellom kommunane som var med i ordninga då hendinga fant stad. Kostnadane vert fordelt i høve folketal 1.januar det året hendinga fant stad.

Volda kommune fastset månadsvis a konto betaling basert på budsjett for ordninga.

Volda kommune fører tertialvis budsjettkontroll for nattlegevaktordninga og melder denne til deltakarkommunane.

Avrekning skal skje kvart år i samband med regnskapsavslutninga for driftsåret.

5. Samarbeidsorgan

Rådmennene i deltakarkommunane etter denne avtalen oppnemne ein representant til administrativt samarbeidsorgan. Helseforetaket får òg høve til å ha med ein representant.

Samarbeidsorganet skal ha følgjande oppgåver:

- Vere eit kontaktorgan mellom samarbeidskommunane og vertskommunen i det løpande driftssamarbeidet
- Evaluere drifta og kome med evt framlegg til behov for endringar
- Uttale seg til framlegg til budsjett før det vert handsama i vertskommunen
- Uttale seg til framlegg om vesentlege endringar i drifta som t.d. utviding av ordninga.

Samarbeidsorganet konstituerer seg sjølv. Nattlegevaktsjefen er sekretær for samarbeidsorganet.

6. Utviding av ordninga

Volda kommune kan gå i drøfting med andre kommuner om utviding av ordninga. Om ein finn grunnlag for utviding, skal ny avtale godkjennast av dei deltakande kommunane.

7. Varigheit og forhold ved avslutning av ordninga

Avtalen gjeld frå 1.januar 2013. Etter dette kan avtalen seiast opp med 1 års varsel frå 1.januar.

Ved evt. nedlegging eller om kommunar melder seg ut, skal framtidige utgifter til pensjon som følgje av denne ordninga, fordelast etter fordelingsnøkkelen i denne avtalen.



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Vedlegg 2.

BP-1
ARKIV

2012/291	MUN EN sh IMT
23 JUN 2013	
921	
	9

Herøy kommune

Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2013/1107	6306/2013	026	SVK/ US	24.06.2013


**MELDING OM POLITISK VEDTAK - VERTSKOMMUNESAMARBEID OM
FELLES NATTLEGEVAKT**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 20.06.13, hadde føre ovannemnde som sak PS 91/13, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Volda kommune inngår avtale om nattlegevakt med dei samarbeidande kommunane.*
- 2. Ordninga skal gjennomførast som eit administrativt vertskommunesamarbeid, jf. kommuneloven § 28-1 b, med Volda som vertskommune.*
- 3. Ordninga skal ikkje føre til meirkostnadar utover den ordninga ein har i dag.*

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret


Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Personal- og organisasjonssjef Geoffrey Armstrong
Kommuneoverlege Arne Gotteberg
Helseleiar Runa Bakke

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058886
Telefaks: 7005870170058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Geoffrey Armstrong

Arkivsak nr.: 2013/1107

Arkivkode: 026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
124/13	Formannskapet	11.06.2013
91/13	Kommunestyret	20.06.2013

VERTSKOMMUNESAMARBEID OM FELLES NATTLEGEVAKT

Handsaming i kommunestyret:

Ordførar kom med fylgjande alternativt framlegg :

1. *Volda kommune inngår avtale om nattlegevakt med dei samarbeidande kommunane.*
2. *Ordninga skal gjennomførast som eit administrativt vertskommunesamarbeid, jf. kommuneloven § 28-1 b, med Volda som vertskommune.*
3. *Ordninga skal ikkje føre til meirkostnadar utover den ordninga ein har i dag.*

Røysting:

Ved alternativ røysting mellom formannskapet si tilråding og framlegget frå ordførar, fekk ordførar sitt framlegg 26 røyster og vart vedteke. Formannskapet si tilråding fekk 0 røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2013

1. *Volda kommune inngår avtale om nattlegevakt med dei samarbeidande kommunane.*
2. *Ordninga skal gjennomførast som eit administrativt vertskommunesamarbeid, jf. kommuneloven § 28-1 b, med Volda som vertskommune.*
3. *Ordninga skal ikkje føre til meirkostnadar utover den ordninga ein har i dag.*

Handsaming i formannskapet:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 11.06.2013 til Kommunestyret:

1. *Kommunestyret pålegg rådmannen å inngå avtale om nattlegevakt med dei samarbeidande kommunane.*

2. *Ordninga skal gjennomførast som eit vertskommunesamarbeid, jf. kommuneloven § 28-1 b, med Volda som vertskommune.*
3. *Ordninga skal ikkje føre til meirkostnadar utover den ordninga ein har i dag.*

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret pålegg rådmannen å inngå avtale om nattlegevakt med dei samarbeidande kommunane.*
2. *Ordninga skal gjennomførast som eit vertskommunesamarbeid, jf. kommuneloven § 28-1 b, med Volda som vertskommune.*
3. *Ordninga skal ikkje føre til meirkostnadar utover den ordninga ein har i dag.*

Vedleggsliste:

Utkast til avtale om interkommunalt nattlegevaktsamarbeid.
Referat frå styremøte nattlegevakta, den 29.05.2013.

Uprenta saksvedlegg:

Kommuncloven, lov av 25. september 1992 nr. 104 om kommuner og fylkeskommuner.

Samandrag av saka:

Sidan 2009 har Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein kommune hatt eit samarbeid om felles nattlegevakt. Frå 1. januar i år blei ordninga utvida til også å omfatte Herøy og Sande. Med dei nye kommunane på plass har ein sett at det er ønskjeleg å inngå ein ny avtale mellom partane som formaliserer samarbeidet som eit vertskommunesamarbeid.

Saksopplysningar:

Avtale om felles nattlegevakt ved sjukehuset i Volda, vart inngått mellom kommunane Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein mot slutten av 2008. Volda kommune var vertskommune for ordninga. Kostnadene vart fordelt mellom kommunane etter innbyggjartal.

Fastlege i Volda, Jørn Kippersund, vart tilsett i 20 % stilling som nattlegevaktsjef 1. desember 2008 og starta då arbeidet med å etablere nattlegevakta.

Det vart inngått avtale med helseforetaket om leige av lokale ved akuttmottaket ved sjukehuset i Volda, og om felles bruk av sjukepleiarressursar i mottaket som hjelpepersonell ved nattlegevakta.

Første vakta var den 16. april 2009. Sidan då har nattlegevakta dekt legevaktansvaret for kommunane i mellom klokka 22 - 08 kvar dag.

Ordninga har vore driven med eit styre med representantar frå kvar kommune og frå helseforetaket. Ordninga har også hatt eit fagråd som har jobba med kvalitetsspørsmål inkl. handsaming av avvik.

Vi er ikkje kjende med hendingar der det har vore tap av liv eller helse som følgje av ny organisering av nattlegevakta.

Etter ønske frå styret i nattlegevakta og med tydelege politiske signal frå dei deltakande kommunane, gjekk i 2012 nattlegevaktstjef og styreleiar i drøfting med Herøy og Sande kommunar om ei utviding av ordninga. Begge kommunar gjorde vedtak i desember 2012 om å bli med i ordninga. Med bakgrunn i desse vedtaka, vart kommunane inkludert i ordninga frå 1. januar 2013.

I samband med denne utvidinga, fann ein at eksisterande samarbeidsavtale ikkje var godt nok tilpassa ny kommunelov. Det vart difor sett i gang ein prosess med utarbeiding av ny samarbeidsavtale. Den nye avtalen gjer at Volda kommune sin rolle som vertskommune er tydelegare. Mellom anna er ordninga med eige styre teke ut av avtalen. I staden har ein definert eit samarbeidsorgan som skal kunne gi råd til kommunane og til nattlegevaktstjefen om drifta.

Styret har i møte 29. mai 2013 samrøystes vedteke å tilrå godkjenning av ny samarbeidsavtale.

Vurdering og konklusjon:

Den nye avtalen vil gi eit godt fundament for å fortsette eit samarbeid som alle kommunane har hatt stor nytte av. Det blir ingen endringar i tenesta for legane som deltek i ordninga eller for publikum.

Eg finn det fornuftig å inngå ny avtale med partane i samarbeidet.

Helse og miljøkonsekvensar:

Den nye avtalen styrkar samarbeidet innan området og vil soleis kunne føre til ei forbetring helsetenesta.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen ettersom samarbeidet allereie er på plass og innarbeida i budsjett.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift av endeleg vedtak til dei andre kommunane for handsaming:

Ørsta kommune
Hareid kommune
Ulstein kommune
Herøy kommune
Sande kommune

Referat sakliste, styremøte 29.mai 2013

Til stades:

Ottar Grimstad (Hareid)
Inger Lise Kaldhol (Ulstein)
Inger Marie Tofthagen (Herøy)
Knut Åmås (Ørsta)
Britt Juvkam (Helse Møre og Romsdal)
Jørn Kippersund (nattlegevaksjef)

Meld fråfall:

Bård Dalen (Sande)
Arne Gotteberg (Volda)

Sak 10-2013: Godkjenning av sakliste og innkalling.

Ottar Grimstad vart vald som møteleiar. Sakliste og innkalling vart godkjend.

Sak 11-2013: Ny samarbeidsavtale om nattlegevakt

Det har vore arbeida med ny samarbeidsavtale sidan styremøtet i februar. Både i ei interngruppe satt ned av styret (Dalen, Grimstad, Toftesund og Kippersund) og internt i Volda kommune sin administrasjon.

Siste versjon (sendt som vedlegg til e-post frå Ottar Grimstad 28.mai) vart drøfta og gjennomgått. Bård Dalen og Arne gotteberg hadde begge på førehand gjeve tilsegn om at dei støtta framlegget til avtale.

Vedtak: Styret i nattlegevakta anbefalar kommunane i nattlegevaktordninga å godkjenne den nye samarbeidsavtalen om nattlegevakt.

Avtaleutkastet og dette vedtaket vert oversendt administrasjonen i Volda kommune som skal gjere klar endeleg saksframlegg for kommunene.

Sak 12-2013: Evt

Nattlegevaksjefen ba om innspel rundt organiseringa i ny avtale der vertskommuneprinsippet er meir tydeleg. Mellom anna hadde han spørsmål om behov for eigen tillitsvald mellom legane og verneombud.

Styret var samrøystes i at nattlegevaksjefen burde arrangere allmøte for legane til hausten der dei kunne velje ein tillitsvald, og evt. verneombud.

Det vart óg drøfta korleis møtetid i fagrådet skulle honorerast når møtetida ikkje var dekkja av

ordnær kommunal arbeidstid. Styret var her enige om at honorering då bør skje etter § 12.5 i rammeavtalen mellom KS og Legeforeninga.

Sak 13-2013: Avvikling av styret

Styret har anbefalt kommunene å godkjenne ny samarbeidsavtale. I denne er det slått fast at nattlegevaktordninga ikkje lenger skal ha eit eige styre. Styret legg dette til grunn og berammar ikkje nytt styremøte.

Referat v/Jørn Kippersund. Referat godkjent av Ottar Grimstad.

Volda, 1/6-2013

Jørn Kippersund (s)
Nattlegevaktstjef

Ottar Grimstad (s)
Styreleiar, nattlegevakta

2



Skuleavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2013/920
		Arkiv:	B12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/13	Komite for oppvekst	02.09.2013
119/13	Kommunestyret	26.09.2013

VAL AV SKULE, RETNINGSLINJER

Møtebehandling:

Konsulent i skuleavdelinga Eivind Longva orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 02.09.2013

Kommunestyret gjer vedtak om følgjande retningslinjer for handsaming av saker relatert til kringsgrenser og val av skule:

1. Kommunen sine vedtekne kringsgrenser er eit overordna prinsipp
2. I visse høve kan ein opne for dispensasjon og innfri byte av skule, t.d. ved at foreldra skal flytte til/frå ny skulekrins innanfor eit skuleår.
3. Dersom det ligg føre tungtvegande grunnar med fagleg uttale frå hhv skule, PPT, barnevern og/eller helse, kan ein elev flyttast til annan skule.
4. Handsaming av søknad om byte av skule vert gjort som enkeltvedtak etter opplæringslova §8.1, med klagerett til fylkesmannen etter forvaltningslova.

Tilråding:

Kommunestyret gjer vedtak om følgjande retningslinjer for handsaming av saker relatert til kringsgrenser og val av skule:

1. Kommunen sine vedtekne kringsgrenser er eit overordna prinsipp
2. I visse høve kan ein opne for dispensasjon og innfri byte av skule, t.d. ved at

- foreldra skal flytte til/frå ny skulekrins innanfor eit skuleår.
3. Dersom det ligg føre tungtvegande grunnar med fagleg uttale frå hhv skule, PPT, barnevern og/eller helse, kan ein elev flyttast til annan skule.
 4. Handsaming av søknad om byte av skule vert gjort som enkeltvedtak etter opplæringslova §8.1, med klagerett til fylkesmannen etter forvaltningslova.

Særutskrift:

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Med bakgrunn i aukande tal på søknader om å få flytte barn til andre skular enn nærskulen, la skuleavdelinga fram eit notat til drøfting i F-skapet 04.05.10. Som konklusjonen på drøftinga, ba F-skapet administrasjonen legge fram ei sak med forslag til retningslinjer for skuleval i Herøy kommune. Dette vart gjort i F-sak 248/10.

Komitè for oppvekst tok opp saka på nytt, gjennom å drøfte retningslinjene, i møte 5.juni 2013, samt å be om ny politisk handsaming av saka.

Med bakgrunn i dette, har administrasjonen no vurdert saka på nytt.

Opplæringslova §8.1 første ledd legg dei formelle rammene for skulen og organiseringa av undervisninga. Der står det:

«Grunnskuleelevane har rett til å gå på den skulen som ligg nærast eller ved den skulen i nærmiljøet dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skule dei ulike områda i kommunen soknar til».

Retten til grunnskuleopplæring er altså knytta opp til den skulen som ligg nærast heimen. Om kommunen har fastsett såkalla kringsgrenser, er det desse som avgrensar retten.

Herøy kommune har så langt tilbake som ein kjenner til, hatt kringsgrenser rundt skulane sine. Siste gongen kommunestyret vurderte kringsgrenser og gjorde vedtak om dette, var då ny skulestruktur vart vedteken i 2009, ved nedlegging av fleire skular.

Opplæringslova §8.1 andre ledd seier vidare:

«Etter søknad kan eleven takast inn på annan skule enn den eleven soknar til».

Administrasjonen hadde behov for retningslinjer ved handsaming av slike søknader, for å få ei så rettferdig handsaming som råd for elevane i kommunen. Årsakene til at

føresette søker om at eleven får gå på ein annan skule enn nærskulen er mange og ulike. Døme:

- Skal flytte til annan skulekrins i løpet av eit skuleår
- Skiftar bustad og vil ikkje at barnet skal byte skule
- Psykososiale forhold, konflikter med andre elevar
- Læringsmiljø
- Saker der barnevernet tilrår flytting
- Har meir vener på annan skule enn nærskulen

I tillegg til opplæringslova finst det ei rekke lovkommentarar og saker som har vore til vurdering i fylkesmannsembetet og utdanningsdirektoratet. Dette er dokument administrasjonen har sett på i utarbeiding av retningslinjer, samt praktisering av desse.

Formannskapet vedtok i møte 01.09.10, etter ei grundig drøfting, retningslinjer som skulle vere førande for administrasjonen. Det er handsama mange saker om såkalla skulebyte etter §8.1 og kommunen sine retningslinjer etter dette. Sakene er handsama som delegerte enkeltvedtak med klagerett. I løpet av desse tre åra har det vore 3 klagesaker som har gått vidare til fylkesmannen for vurdering og endeleg vedtak. I alle sakene har kommunen fått medhald i si lovtolking og vurdering. Fylkesmannen har i sine vurderingar lagt vekt på opplæringslova og nærskuleprinsippet og kommunen si forskrift om opptaksgrenser. I tillegg har fylkesmannen lagt til grunn at Herøy kommune har retningslinjer for handsaming av søknader (jfr F-sak 248/10), som sikrar likebehandling av elevane i kommunen.

Retningslinjene som vart vedtatt i 2010, er slik:

- 1. Kommunen sine vedtekne kringsgrenser er eit overordna prinsipp*
- 2. I visse høve kan ein opne for dispensasjon og innfri byte av skule, t.d. ved at foreldra skal flytte til/frå ny skulekrins innanfor eit skuleår.*
- 3. Dersom det ligg føre tungtvegande grunnar med sakkunnig vurdering og tilråding, kan ein elev flyttast til annan skule.*
- 4. Byte av skule til ein skule lenger unna enn nærskulen, gir ikkje automatisk rett til gratis skuleskyss. Kommunen sitt skyssreglement er fundamentert på kommunen si forskrift om kringsgrenser.*
- 5. Handsaming av søknad om byte av skule vert gjort som enkeltvedtak, med klagerett etter forvaltningslova.*

Kommentar til retningslinjene:

Ang. pkt.2: Punktet er handsama relativt fleksibelt. Om det i ein søknad vert sannsynleggjort at familien skal flytte til ny krins i løpet av komande skuleår, får eleven starte på den nye nærskulen når skuleåret startar. Alternativt får ein gå på gjeldande nærskule ut eit skuleår, sjølv om familien flyttar før. Elevar skal sleppe å byte skule midt i eit skuleår.

Ang. pkt.3: Punktet har fokus på eleven, og kva som vil vere best for denne. Rettane i opplæringslova er relatert til barnet/eleven. Vi har i praksis «mjuka opp» ordlyden *sakkunnig vurdering* til å gjelde også faglege uttalar. Ved ein søknad om byte til annan skule enn nærskulen, vert det innhenta fagleg uttale frå den skulen eleven går på, jfr korleis eleven fungerer og om her er særlege omsyn å ta. Like eins frå den event mottakande skulen, om det er forhold som gruppestorleik eller miljø ein må ta omsyn til. Om det er grunn til det, vert det også innhenta uttale frå partane i dei tverrfaglege teama; helsesøster/lege, barnevern og PPT. Om nokon av dei faglege

og grunngeve uttalane går i retning av at det beste for barnet vil vere å byte skule, vert søknaden imøtekomen.

Ang. pkt.4: Her er føresetnadene endra etter 2010. Fylkeskommunen har i rundskriv gjort klart at dersom kommunen godkjenner annan skule enn nærskulen, er ein også pliktig til å dekke heile kostnaden med skuleskyss. Vi kan derfor ikkje lenger pålegge føresette å dekke denne kostnaden. Om der på den aktuelle strekinga ikkje går ordinær skuleskyss, må kommunen dekkje kostnader til drosje.

Spørsmål om retningslinjene våre er for strenge og at foreldra må få velje friare kva skule borna skal gå på, er frå tid til anna oppe til debatt. Om ein går inn på ei fri linje, der foreldra får velje skule, medfører dette at kringsgrenser vert oppheva.

Kommunestyret må i så fall gjere vedtak om dette.

Konsekvensane for kommunen vert auka kostnader i form av både meir skuleskyss og meir bemanning i skulane.

Ang. auka kostnader til skuleskyss:

Elevar vert innskrivne til den skulekrinsen dei høyrer til, og skuleskyss er regulert i forhold til registrert bustadadresse og avstand til skulen. Kommunen sender liste over elevar med rett til skuleskyss, til samferdsleavdelinga i Møre og Romsdal fylke. I dei høve der eleven har rett på skyss utifrå avstand mellom heim og nærskulen (jfr opplæringslova §7.1), betaler kommunen ordinær billettakst og fylket dekkjer resten av kostnaden.

Om eleven skal gå ved ein annan skule enn nærskulen, må dette handsamast spesielt og etter søknad. Om kommunen sitt vedtak om skulebyte medfører skuleskyss, må kommunen dekkje heile kostnaden. Einaste unntaket er ved dokumentert delt omsorgsrett, der samferdsleavdelinga har godkjent at det er formelt i orden. Då dekkjer fylket kostnaden ut over ordinær billettakst.

Ang. auka personalkostnader:

Tilsetjing av personell skjer utifrå kunnskap om elevtal og særlege behov som enkeltelevar har. Det vert lagt opp til ein liten buffer for å handtere tilflytting av nye elevar til kommunen, og då særleg minoritetsspråklege. Om det vert friare å byte skule, må bufferen aukast for å takle ein mindre forutsigbar situasjon. Å ha oversikt over talet på elevar og kva elevar som skal gå på den enkelte skule, er heilt nødvendig for å kunne ha ei god økonomistyring.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen vil fråå at ein opphevar kringsgrensene og innfører fritt skuleval, utifrå ein situasjon med allereie stramme økonomiske rammer.

Av same grunn vil ein fråå å mjuke opp grensene for å godkjenne søknader om skulebyte, ut over dei retningslinjene ein har i dag.

For å kunne ha ei god og forutsigbar styring med økonomi og personell, er det ein føresetnad å vite kva elevar som til eikvar tid skal gå på den enkelte skule, i så stor grad som råd.

Samtidig ser vi at det i enkelte høve vil vere behov for at elevar får gå på ein annan skule enn nærskulen. Vi meiner at praktisering av pkt 2 og 3 i gjeldande retningslinjer, er tilstrekkeleg for å ivareta borna sine behov når det gjeld saker relatert til nærskule og skulebyte.

Administrasjonen foreslår derimot at ordlyden vert justert slik, jfr. utgreinga ovanfor: Ny ordlyd pkt.3:

Dersom det ligg føre tungtvegande grunnar med fagleg uttale frå skule, PPT, barnevern og/eller helse, kan ein elev flyttast til annan skule.

Pkt.4 går ut, med bakgrunn i rundskriv frå Møre og Romsdal fylke.

Administrasjonen vil tilrå å oppretthalde vedteken forskrift om kringsgrenser i Herøy kommune, samt retningslinjer for å handsame søknader om annan skule enn nærskulen, med dei nemnde endringane.

Konsekvensar for folkehelse:

Forutsigbarheit og likebehandling kan verke positivt på trivsel og tryggleik.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen spesiell merknad.

Konsekvensar for drift:

Betre planlegging og økonomistyring

Fosnavåg, 15.07.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy
Skuleleiar



Skuleavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2013/230
		Arkiv:	A22

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
17/13	Komite for oppvekst	02.09.2013
120/13	Kommunestyret	26.09.2013

ENDRING AV VEDTEKTER FOR SFO

Møtebehandling:

Konsulent i skuleavdelinga Paul Sundnes orienterte.

Ap, Per Kristian Furø kom med framlegg om slik endring i punkt d og nytt punkt 4:

d. Oppseiingsdato for periode 1 er 31.mai (for dei som allereie har plass frå tidlegare årstrinn) .Elles gjeld følgjande datoar for oppseiing: 30. september for periode 2, 31. januar for periode 3.

4. Komite for Oppvekst ønskjer at skuleavdelinga utgreiier halvårige perioder.

Per Kristian Furø sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Komite for oppvekst - 02.09.2013

Kommunestyret vedtak følgjande endringar i vedtektene for SFO:

1.Endring av §6, nytt punkt b.

SFO-året er delt i 3 periodar:

- 1) august –november, 3,5 månader
- 2) desember –februar, 3 månader
- 3) mars-juni, 3,5 månader

2. Endring av § 10 b, c og d
 - b. Ved innmelding bind ein seg til ein periode på minimum 3 / 3,5 månader.
Periode 1: frå skulestart til 31.nov
Periode 2: frå 1. desember til 31. mars
Periode 3: frå 1. april til slutten av skuleåret
 - c. Oppseiing/reduksjon av opphaldstid må skje seinast to månader før utgangen av perioden
 - d. Oppseiingsdato for periode 1 er 31.mai (for dei som allereie har plass frå tidlegare årstrinn) .Elles gjeld følgjande datoar for oppseiing: 30. september for periode 2, 31. januar for periode 3.
3. Endringane skal gjelde frå og med periode 2 skuleåret 2013/14
4. Komite for Oppvekst ønskjer at skuleavdelinga utgreiier halvårige perioder.

Tilråding:

Kommunestyret vedtak følgjande endringar i vedtektene for SFO:

- 1.Endring av §6, nytt punkt b.
SFO-året er delt i 3 periodar:
 - 1) august –november, 3,5 månader
 - 2) desember –februar, 3 månader
 - 3) mars-juni, 3,5 månader
2. Endring av § 10 b, c og d
 - b. Ved innmelding bind ein seg til ein periode på minimum 3 / 3,5 månader.
Periode 1: frå skulestart til 31.nov
Periode 2: frå 1. desember til 31. mars
Periode 3: frå 1. april til slutten av skuleåret
 - c. Oppseiing/reduksjon av opphaldstid må skje seinast ein månad før utgangen av perioden
 - d. Oppseiingsdato for periode 1 er 31.mai (for dei som allereie har plass frå tidlegare årstrinn) .Elles gjeld følgjande datoar for oppseiing: 31. oktober for periode 2, 28./29. februar for periode 3.
3. Endringane skal gjelde frå og med periode 2 skuleåret 2013/14.

Særutskrift:

Bergsøy skule/SFO
Einedalen skule/SFO
Moltu skule/SFO
Stokksund skule/SFO
Nerlandsøy skule/SFO

Vedlegg:

1. Gjeldande vedtekter for SFO
2. Forslag til nye vedtekter for SFO

Saksopplysningar:

Bakgrunn for endringa.

Skulefritidsordning (SFO) er etablert etter §13-7 i Opplæringslova. Her vert kommunen pålagt å ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilde behov på 1.-7. årstrinn. Det er ikkje sagt at kvar skule skal ha slike tilbod, med at det skal finnast i kommunen. Når det gjeld finansiering, står det at kommunen kan krevje utgiftene til SFO dekt gjennom eigenbetalinga frå foreldra. Herøy kommune har hatt ein praksis på at SFO så langt råd er, skal vere sjølvfinansierande. Det viser seg likevel at det kommunale tilskotet kan variere mellom kr.500' og kr.800' årleg. Å halde utgiftene på eit stabilt og sjølvfinansierande nivå, er ei utfordring. Dette gjeld særleg for SFO-ordningar med få elevar, som Nerlandsøy, Moltu og Leikanger, men også for dei med fleire elevar. SFO har utvikla seg til å verte ei teneste som er mest nytta om hausten. Ein opplever stor påmelding til skulestart, og må tilsetje ei bemanning deretter. Men alt frå tidleg om hausten kjem oppseiingar og endringar mot færre timar pr.veke.

Kommunen må tilsetje assistentar i stillingane så tidleg som i mai/juni, utifrå det elevtalet som ligg føre etter påmeldingsfristen 1.april. Tilsette vert plassert på dei ulike einingane etter behov, men for eit skuleår om gongen. Erfaringane viser no at bemanninga somme stader kunne ha vore lavare på våren. Å flytte personale til andre arbeidsplassar i kommunen midt i eit skuleår, har vore utfordrande og kun unntaksvis gjort.

Utfordringa er å finne ei organisering som både ivaretek dei tilsette, og som gir betre sikring av den økonomiske drifta, utan å auke det kommunale tilskotet midt i eit budsjettår.

Organisering

Føresette har ulike behov når det gjeld å nytte SFO-tilbod. Nokre treng hjelp om morgonen før skulestart, andre etter skuletid og til dei sjølve er ferdige på jobb. I dagens ordning tildeler ein timar til drift av SFO, i høve til kor mange elevar som er påmelde, samt det samla talet på timar elevane er påmelde til. Skulane får ei samla timeramme som dei må dele på alle dagane i veka, med den opningstida på SFO som er muleg innanfor denne ramma.

Å ha ope for mindre enn 5 elevar er ikkje økonomisk forsvarleg, utan å auke det kommunale tilskotet vesentleg, til dekking av personalutgifter. Denne problemstillinga er særleg aktuell på dei små SFO-ordningane. Føresette sine behov for SFO-tilbod kan variere gjennom året, samt at somme nok seier opp SFO-tilbodet etter ei kost/nytte-vurdering ut gjennom skuleåret.

Dagens ordning

I dag kan føresette seie opp plassen ved kvart månadsskifte, med ein månads varsel. Dette gjer drifta økonomisk usikker, og medfører ofte at det kommunale tilskotet aukar for å halde på den opningstida som er fastsett for skuleåret. Det er ikkje muleg å tilpasse bemanninga så raskt og så ofte. Hyppige endringar skaper

også mykje ekstraarbeid, både for skulane og økonomiavdelinga.

Forslag til ny ordning

1. Endring av §6, nytt punkt b.

SFO-året er delt i 3 periodar:

- 1) august – november, 3,5 månader*
- 2) desember – februar, 3 månader*
- 3) mars-juni, 3,5 månader*

2. Endring av § 10 b, c og d

b. Ved innmelding bind ein seg til ein periode på minimum 3 – 3,5 månader.

Periode 1: frå skulestart til 31.nov

Periode 2: frå 1. desember til 31. mars

Periode 3: frå 1. april til slutten av skuleåret

c. Oppseiing/reduksjon av opphaldstid må skje seinast ein månad før utgangen av perioden

d. Oppseiingsdato for periode 1 er 31.mai (for dei som allereie har plass frå tidlegare årstrinn) .Elles gjeld følgjande datoar for oppseiing: 31. oktober for periode 2, 28./29. februar for periode 3.

Høyringar i sakshandsaminga:

Forslaget til vedtektsendring vart sendt på høyring til alle FAU/SU den 19. mars.

Det har kome inn tre svar:

Frå Samarbeidsutvalet ved Moltu skule

Frå Samarbeidsutvalet ved Bergsøy skule

Frå Einedalen skule.

Det er ikkje motteke motsegn til forslaget.

Endringsforslaget vart også oversendt økonomiavdelinga til uttale. Avdelinga ser positivt på endringa, då den vil redusere det administrative arbeidet.

Endringsforslaget vart drøfta i møte med Fagforbundet 10.april 2013. Det var ingen motsegner til forslaget.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen vesentlege konsekvensar.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen vesentlege konsekvensar.

Konsekvensar for drift:

Betre økonomistyring

Fosnavåg, 10.06.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy
Avd.leiar

Sakshandsamar: Paul Sundnes



VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE (SFO).

Vedtektene var ute på høyring til skulane og deira rådsorgan, kommunalt foreldreutval,

§ 1 RETNINGSLINER

- a. Drifta av skulefritidsordningane (SFO) skal vere i samsvar med lov og forskrift. (Jfr. Opplæringslova § 13-7)
- b. SFO skal drivast etter retningslinjer som er vedtekne i kommunestyret.
- c. SFO er eit tilbod til elevar på 1. – 4. trinn, og for born med særskilde behov på 1. – 7. trinn.
- d. Areala ute og inne skal vere eigna til formålet.
- e. SFO er eit frivillig tilbod i elevane si fritid, og foreldra må sjølv syte for ev. skyss av elevane.

§ 2 FORMÅL

- a. SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna.
- b. SFO skal gi borna omsorg og tilsyn.
- c. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

§ 3 EIGARTILHØVE

- a. Herøy kommune eig og driv skulefritidsordningane i kommunen.
- b. Ordninga vert administrert av skuleavdelinga.

§ 4 LEIING, STYRING OG ANSVAR

- a. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for SFO ved sin skule.
- b. SFO kan i tillegg ha ein dagleg leiar/assistent med koordineringsoppgåver. Det vert ikkje stilt krav om pedagogisk utdanning for dagleg leiar.
- c. Til kompetanseheving disponerer dei tilsette i SFO årleg ei tid tilsvarande sin jobbprosent av ei arbeidsveke (37,5 t).
- d. Leiar for skulefritidsordninga bør kallast inn til møte i SU ved skulen i saker som gjeld skulefritidsordninga. Han/ho har då tale- og forslagsrett.

§ 5 BEMANNING

- a. I tillegg til dagleg leiar/assistent med koordineringsoppgåver skal det tilsetjast assistentar etter behov.
- b. Skulane står fritt til å organisere SFO innanfor skulen si tildelte totalramme.
- c. Rektor er ansvarleg for at SFO-tilbodet vert organisert på ein forsvarleg måte.
- d. Personalet må legge fram politiattest før tilsetjing. Jfr. § 10-9 i Opplæringslova.

§ 6 INNTAK AV BORN

- a. Foreldre sender søknad på elektronisk skjema. Søknadsskjema og vedtekter ligg på kommunen sine heimesider. Søknadsfrist for neste skuleår er 1.april.
- b. **SFO-året er delt i 3 periodar:**
 - 1) august –november, 3,5 månader
 - 2) desember –februar, 3 månader
 - 3) mars-juni, 3,5 månader
- c. Rektor gjer opptaket og gir melding. Når ein elev har fått plass, har barnet plassen til føresette seier den opp (automatisk oppseiing etter 4.trinn). Eventuell klage skal leggst fram for leiar i skuleavdelinga. Kommunen tek atterhald om at det er nok søkjarar til at SFO kan kome i gang i krinsen.
- e. I dei høve SFO ikkje har plassar nok, til alle som søker i krinsen, må det gjerast ei prioritering etter følgjande kriterium:
 - Born som treng spesiell omsorg og støtte.
 - Borna sin alder, 1. årstrinn får prioritet.
 - Born av einslege forsytarar.
 - Sjukdom i heimen.
 - Vanskelege bu- og leiketilhøve.
- d. Born som ikkje får plass etter hovudopptaket, vert sette på venteliste i den rekkefølge søknadene kjem inn.
- e. Det bør setjast av plassar til klage.

§ 7 OPNINGSTIDER

- a. SFO si opningstid er i samsvar med skuleruta for grunnskulen.
- b. Opningstida er inndelt i 3 alternativ:
 - Alternativ 1 (inntil 10 t/v)
 - Alternativ 2 (11 – 14 t/v)
 - Alternativ 3 (15 t/v og meir)
- c. SFO kan ha tilbud om morgonen før skuletid. Tid til dette må reknast inn i skulen si tildelte ramme.

§ 8 FERIE

- a. Mot ekstra betaling har SFO ved Bergsøy skule ope ca. 5 veker i skulane sine feriar:
 - frå 1. august og til skulestart
 - i haust- og vinterferien
 - frå skuleslutt og ut juni månad
- d. Dette tilbudet er ope for elevar frå alle krinsane. Søknad skal leverast til skulen eleven går på til vanleg. Denne skulen sender søknadene samla til Bergsøy skule.
- e. Opningstida i SFO utanom skuleruta er 8 timar pr. dag.

§ 9 FORELDREBETALING

- a. Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetalinga i samband med budsjett-behandlinga kvart år. Satsane følgjer skuleåret.
- b. Betalinga er rekna ut etter 38 veker – som skuleruta, og er fordelt på 10 utsende krav: Ingen krav for august, 1 ½ krav for september, vanlege krav vidare til og med mai, ½ krav i juni.
- c. Det vert gitt 25% søskenmoderasjon for 2. og ev. fleire barn frå same heim.

- d. Tilbod i ferien (§ 7) kjem i tillegg til dei 38 vekene ein betalar for etter § 8 b. Det er egne satsar og egne krav for opphald i feriane.

§ 10 OPPSEIING AV Plass

- a. Oppseiing/ending av plass skal skje elektronisk via [www.heroy.kommune.no/ skule og utdanning/ SFO](http://www.heroy.kommune.no/skule-og-utdanning/SFO)
- b. Ved innmelding bind ein seg til ein periode på minimum 3 / 3,5 månader.
Periode 1: frå skulestart til 31.nov
Periode 2: frå 1. desember til 31. mars
Periode 3: frå 1. april til slutten av skuleåret
- c. Oppseiing/reduksjon av opphaldstid må skje seinast ein måned før utgangen av perioden
- d. Oppseiingsdato for periode 1 er 31.mai (for dei som allereie har plass frå tidlegare årstrinn). Elles gjeld følgjande datoar for oppseiing: 31. oktober for periode 2, 28./29. februar for periode 3.
- e. Rektor kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for, etter gjeldande prosedyrar for dette. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil elles bli lagt til grunn som avslag ved seinare søknad om opptak.

§ 11 NEDLEGGING AV SFO-ORDNING

Kommunen kan legge ned/endre drifta av ei skulefritidsordning i skuleåret med ei månads varsel

§ 12 ANSVAR


- a. Skulefritidsordningane har ansvar for eleven i den tildelte opphaldstida.
- b. Herøy kommune har kollektiv ulykkesforsikring for elevane i den tida dei er i SFO.
- c. Internkontrollsystemet for skulen omfattar også SFO.

§ 13 FORELDREMØTE

Det bør haldast minst 2 foreldremøte pr. år. Første møtet skal haldast tidleg i haustsemesteret.

§ 14 TEIEPLIKT

Alle som arbeider i skulefritidsordningane, har teieplikt etter Fovaltningslova § 13.





VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE (SFO).

Vedtektene var ute på høyring til skulane og deira rådsorgan, kommunalt foreldretval, Fagforbundet og Utdanningsforbundet.

Vedtektene vart samrøystes vedtekne i kommunestyret 22.06.06, K-sak: 073/06.
Administrativ justering godkjent av kommunestyret 25.03.10, K-sak: 45/10

§ 1 RETNINGSLINER

- a. Drifta av skulefritidsordningane (SFO) skal vere i samsvar med lov og forskrift. (Jfr. Opplæringslova § 13-7)
- b. SFO skal drivast etter retningslinjer som er vedtekne i kommunestyret.
- c. SFO er eit tilbod til elevar på 1. – 4. trinn, og for born med særskilde behov på 1. – 7. trinn.
- d. Arealane ute og inne skal vere eigna til formålet.
- e. SFO er eit frivillig tilbod i elevane si fritid, og foreldra må sjølve syte for ev. skyss av elevane.

§ 2 FORMÅL

- a. SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna.
- b. SFO skal gi borna omsorg og tilsyn.
- c. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår.

§ 3 EIGARTILHØVE

- a. Herøy kommune eig og driv skulefritidsordningane i kommunen.
- b. Ordninga vert administrert av skuleavdelinga.

§ 4 LEIING, STYRING OG ANSVAR

- a. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for SFO ved sin skule.
- b. SFO kan i tillegg ha ein dagleg leiar/assistent med koordineringsoppgåver. Det vert ikkje stilt krav om pedagogisk utdanning for dagleg leiar.
- c. Til kompetanseheving disponerer dei tilsette i SFO årleg ei tid tilsvarande sin jobbprosent av ei arbeidsveke (37,5 t).
- d. Leiar for skulefritidsordninga bør kallast inn til møte i SU ved skulen i saker som gjeld skulefritidsordninga. Han/ho har då tale- og forslagsrett.

§ 5 BEMANNING

- a. I tillegg til dagleg leiar/assistent med koordineringsoppgåver skal det tilsetjast assistentar etter behov.
- b. Skulane står fritt til å organisere SFO innanfor skulen si tildelte totalramme.
- c. Rektor er ansvarleg for at SFO-tilbodet vert organisert på ein forsvarleg måte.
- d. Personalet må legge fram politiattest før tilsetjing. Jfr. § 10-9 i Opplæringslova.

§ 6 INNTAK AV BORN

- a. Foreldre sender søknad på elektronisk skjema. Søknadsskjema og vedtekter ligg på kommunen sine heimesider. Søknadsfrist er 1.april.
- b. Rektor gjer opptaket. Når ein elev har fått plass, gjeld plassen til føresette seier opp plassen (til og med 4.trinn). Eventuell klage skal leggest fram for leiar i skuleavdelinga. Kommunen tek atterhald om at det er nok søkjarar til at SFO kan kome i gang i krinsen.
- c. I dei høve SFO ikkje har plassar nok til alle som søker i krinsen, må det gjerast ei prioritering etter følgjande kriterium:
 - Born som treng spesiell omsorg og støtte.
 - Borna sin alder, 1. årstrinn får prioritet.
 - Born av einslege forsyttarar.
 - Sjukdom i heimen.
 - Vanskelege bu- og leiketilhøve.
- d. Born som ikkje får plass etter hovudopptaket, vert sette på venteliste i den rekkefølgje søknadene kjem inn.
- e. Det bør setjast av plassar til klage.

§ 7 OPNINGSTIDER

- a. SFO si opningstid er i samsvar med skuleruta for grunnskulen.
- b. Opningstida er inndelt i 3 alternativ:
 - Alternativ 1 (inntil 10 t/v)
 - Alternativ 2 (11 – 14 t/v)
 - Alternativ 3 (15 t/v og meir)
- c. SFO kan ha tilbod om morgonen før skuletid. Tid til dette må reknast inn i skulen si tildelte ramme.

§ 8 FERIE

- a. Mot ekstra betaling har SFO ved Bergsøy skule ope ca. 5 veker i skulane sine feriar:
 - frå 1. august og til skulestart
 - i haust- og vinterferien
 - frå skuleslutt og ut juni månad
- d. Dette tilbodet er ope for elevar frå alle krinsane. Søknad skal leverast til skulen eleven går på til vanleg. Denne skulen sender søknadene samla til Bergsøy skule.
- e. Opningstida i SFO utanom skuleruta er 8 timar pr. dag.

§ 9 FORELDREBETALING

- a. Kommunestyret fastset satsane for foreldrebetalinga i samband med budsjett-behandlinga kvart år. Satsane følgjer skuleåret.
- b. Betalinga er rekna ut etter 38 veker – som skuleruta, og er fordelt på 10 utsende krav: Ingen krav for august, 1 ½ krav for september, vanlege krav vidare til og med mai, ½ krav i juni.
- c. Det vert gitt 25% søskenmoderasjon for 2. og ev. fleire barn frå same heim.
- d. Tilbod i ferien (§ 7) kjem i tillegg til dei 38 vekene ein betalar for etter § 8 b. Det er egne satsar og egne krav for opphald i feriane.

§ 10 OPPSEIING AV PLOSS

- a. Oppseiing/endring av plass skal skje elektronisk via [www.heroy.kommune.no/skule og utdanning/ SFO](http://www.heroy.kommune.no/skule_og_utdanning/SFO)
- b. Det er 1 månads oppseiingtid , rekna frå den 1. i påfølgjande månad. **Plassen kan ikkje seiast opp med verknad etter 1. mai.** Dersom det likevel vert gjort, må ein betale for plassen ut juni.
- c. Det er 1 månads oppseiingtid for reduksjon av plass til lågare gruppe. Plassen kan ikkje endrast med verknad etter 1.mai.
- d. Rektor kan seie opp plassar det ikkje vert betalt for, etter gjeldande prosedyrar for dette. Dei føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil elles bli lagt til grunn som avslag ved seinare søknad om opptak.

§ 11 NEDLEGGING AV SFO-ORDNING

Kommunen kan legge ned/endre drifta av ei skulefritidsordning i skuleåret med ei månads varsel.

§ 12 ANSVAR


- a. Skulefritidsordningane har ansvar for eleven i den tildelte opphaldstida.
- b. Herøy kommune **har** kollektiv ulykkesforsikring for elevane i den tida dei er i SFO.
- c. Internkontrollsystemet for skulen omfattar også SFO.

§ 13 FORELDREMØTE

Det bør haldast minst 2 foreldremøte pr. år. Første møtet skal haldast tidleg i haustsemesteret.

§ 14 TEIEPLIKT

Alle som arbeider i skulefritidsordningane, har teieplikt etter reglane i Fovaltningslova § 13.





Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/2248
		Arkiv:	230

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
67/13	Komite for næring, kultur og idrett	18.09.2013
121/13	Kommunestyret	26.09.2013

HANDLINGSPLAN FOR NÆRINGSRETTE UTVIKLINGSTILTAK 2014. KOMPENSASJON FOR ARBEIDSGJEVARAVGIFT.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 18.09.2013

Kommunestyret vedtek handlingsplanen for næringsretta utviklingstiltak 2014. Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift i samsvar med vedtak i styret i Herøy Næringsforum 12.09.13.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek handlingsplanen for næringsretta utviklingstiltak 2014. Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift i samsvar med vedtak i styret i Herøy Næringsforum 12.09.13.

Særutskrift:

- Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Herøy Næringsforum
- Assisterende rådmann

Vedlegg:

- Lokal handlingsplan Herøy 2014 – næringsretta midlar til regional utvikling.

Saksopplysningar:

I samband med omlegginga av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift gjennom handheving av EØS-avtalen, innførte staten ordning for kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift for kommunar og næringslivet som vart råka av endringa frå 2004.

Kommunane får kompensert for auken gjennom rammeoverføringa i inntektssystemet. For næringslivet vert det avsett ei ramme kvart år i statsbudsjettet. Kompensasjon vert gjeve for åra 2004 – 2013. Det er signal om at ordninga kan verte forlenga til 2020.

Frå og med 2007 er kriteriet for utrekning av arbeidsgjevaravgifta endra ved at avgiftsfordelen følgjer lokaliseringa til verksemda og ikkje arbeidstakar si bustadadresse.

Ramma for 2014 er på kr 41 580 000 til Herøy.

Midlane skal forvaltast i tråd med EØS-avtalen sine vilkår for offentleg støtte. Næringslivet skal ha påverknad på disponeringa av midlane.

Prioriteringa skal i prinsippet liggje innanfor sentrale føringar og strategiar i kommuneplan, fylkesplan og regionalt utviklingsprogram.

KRD har utforma følgjande målsetting for bruken av særskilde midlar til distrikts- og regionalpolitikk:

1. Verdiskaping: Auka verdiskaping, sysselsetting og internasjonalt konkurransedyktig næringsliv gjennom næringsutvikling, innovasjon og entreprenørskap. Satsing på lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem, auka innovasjonsevne og –takt i etablerte verksemder, samt auke i omfanget i lønsame nyetableringar.

2. Rammevilkår: Gode lokale og regionale rammevilkår for næringsliv og innbyggjarar. Styrking av fysisk infrastruktur og reduksjon i avstandsulempene i område med få innbyggjarar og små marknader, samt styrking av grunnlaget for kompetanseheving for innbyggjarar og i samfunns- og arbeidsliv.

3. Attraktivitet: Utvikle attraktive regionar og sentra for innbyggjarar og næringsliv. Sikring av god tilgang til grunnleggjande lokale tenester i område med få innbyggjarar og små marknader. Satsing på stadsutvikling av mindre sentra og små og mellomstore byar, for å gjere dei meir aktuelle som bustad og for bedrifts-lokalisering.

Herøy har fått tildelt følgjande rammer for kompensasjon av arbeidsgjevaravgift:

År	Midlar
2004	Kr 3 863 000
2005	Kr 5 844 000
2006	Kr 8 774 000
2007	Kr 9 950 000
2008	Kr 18 100 000
2009	Kr 28 800 000
2010	Kr 32 732 687
2011	Kr 32 760 000
2012	Kr 33 050 000
2013	Kr 41 580 000

Av samla ramme i perioden, er ein del tildelt enkelttiltak/prosjekt, og resten er avsett på fond til særskilte formål som førebels ikkje er realisert.

Når det gjeld sjølve handlingsplanen for 2014, er det avsett 20.000.000 kr til Fosnavåg Konserthus AS i samsvar med føringane i KN-sak 31/12. Med dette er det samla løyvd 35.000.000 kr til dette føremålet.

I KN-sak 32/12 vart det gitt ei føring om å sette av 10.000.000 kr i Lokal handlingsplan 2014 til god trafikkavvikling/parkering ved Herøy kulturhus/nytt badeland. Med dette ville det vere løyvd 100.000.000 kr til Campus Fosnavåg/Sunnmørsbadet AS. I Handlingsplan 2014 som no ligg føre, er det avsett ei ramme på 18.580.000 kr til

- Uteareal kulturhus/Sunnmørsbadet
- Konserthus lyd/teknologi
- Uteareal hotel/konserthus

Styret i Herøy Næringsforum gjorde slikt vedtak i sak 15/13.

”Styret i Herøy Næringsforum vedtar 2014 handlingsplanen (2013 RDA midlane) ihht innstilling frå møtet i RDA utvalet 11.09.13 og styremøte i Herøy Næringsforum 12-09.13.»

Styret for Herøy Næringsforum har handsama handlingsplanen for 2014 på rammenivå. Det kan skape noko forvirring at ramma for 2013 er disponert i lokal handlingsplan for 2014. Det er fordi utbetalinga skjer i 2014.

Når handlingsplanen er godkjend, kan enkeltsøknadene handsamast.

I K-sak 121/10 vart det vedteke slik endra forvaltning av kompensasjonsmidlane:

”1. Formannskapet får mynde til å gjere vedtak i enkeltsøknad om tilskot frå RDA- midlane i tråd med lokal handlingsplan, retningslinene for RDA midlane, tildelingsbrevet frå fylkeskommunen og innstilling frå styret i Herøy Næringsforum.

2. Kommunal klagenemnd avgjer klager på vedtak gjort i formannskapet i enkeltsøknader om tilskot frå RDA- midlane.

3. Kommunestyret sluttar seg til dei 12 punkta i prosedyre for forvaltning av RDA- midlane slik det går fram her:

- 1. Utkast til handlingsplan vert utarbeidd av Herøy Næringsforum.*
- 2. Utkast til handlingsplan vert lagt ut til offentlig høyring i 14 dagar ved annonsering i Vestlandsnytt, nettsida til Herøy kommune, nettsida til Herøy*

Næringsforum og ved at handlingsplanen vert lagt ut i servicetorget på Herøy rådhus.

3. Utkastet til handlingsplan vert etter høringsfristen lagt fram for styret i Herøy Næringsforum med eventuell innspel frå den offentlege høyringa.

4. Innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum vert lagt fram for formannskapet og kommunestyret til behandling.

5. Etter behandling i kommunestyret vert handlingsplanen innsend til regional og næringsavdelinga i fylkeskommunen.

6. Når handlingsplanen er sluttbehandla i fylkeskommunen, vert det lagt til rette for behandling av enkeltsøknader i samsvar med retningslinene for RDAmidlane og lokal handlingsplan.

7. Det skal utarbeidast søknadsskjema der nødvendige opplysingar om søkjar/søknad er med.

8. Søknadene skal sendast Herøy kommune.

9. Søknadene vert oversendt Herøy Næringsforum som kjem med innstilling tilvedtak.

10. Når innstilling til vedtak frå styret i Herøy Næringsforum ligg føre, vert søknadene lagt fram for formannskapet til endeleg vedtak.

11. Vedtak i formannskapet kan påklagast til den kommunale klagenemnda.

12. Ein søknad som er innvilga, skal stadfestast med tilskotsbrev som følgjer normalkrava for kva eit tilskotsbrev skal innhalde.”

I samband med ny politisk struktur var behandlinga av enkeltsøknader overført frå formannskapet til komite for næring, kultur og idrett.

Vurdering og konklusjon:

Prosessen med handlingsplanen fram til handsaminga i komite for næring, kultur og idrett og kommunestyret vert ivaretatt av Herøy Næringsforum.

Planen har vore lagt fram for dei største aktørane i næringslivet som er råka av avgiftsomlegginga, slik sentrale styresmakter krev.

Det vert synt til vedlagde handlingsplan for 2014. Rådmannen rår til at handlingsplanen vert vedteken.

Fosnavåg, 09.09.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Næringsretta midlar til regional utvikling – kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift

Lokal handlingsplan for HERØY 2014

Kommune	HERØY
Kontaktperson Namn Adresse Funksjon Telefon E-post	Geir Idar Kvalsvik Daglig leder Herøy Næringsforum Pb 69 6099 Fosnavåg 70083840 / 92436324 geiridar@cann.no

	Disponible midlar
Overført frå tidlegare år	0
Ramme 2013	41 580 000

EFFEKTIVMÅL/HOVEDMÅL	RESULTATMÅL
<p>1. Å bidra til et meir konkurransekraftig og robust næringsliv som motor for lokal og regional utvikling.</p>	<p>a. Kompetanseutvikling og marknadsføring.</p> <p>b. Prosjekt for å betre befolkningsutvikling / bulyst-tiltak. Auka attraktivitet.</p> <p>c. Betre tilbud av sosiale og kulturelle møteplassar.</p>
<p>2. Bedre samfunnsutvikling, kompetanseutvikling og markedsføring/profilering av Herøy.</p>	<p>a. Opplevelsebasert næring/reiseliv vert prioritert å bygge opp i denne samanheng.</p> <p>b. Kompetanseutvikling og marknadsføring.</p> <p>c. Festivalar/spel og konferanser. Minst 5 større arrangement i 2014.</p>
<p>3. Styrke samferdsel/infrastruktur i Herøy.</p>	<p>a. Idrett/kultur og badeland.</p> <p>b. Betre parkeringssituasjonen til bedriftene i Fosnavåg sentrum.</p> <p>c. Ny innfartsveg til Fosnavåg.</p>

Del av ramma som skal nyttast gjennom IN (bedriftsretta tiltak)	0
Del av ramma som plangruppa sjølv skal tildele bedriftsretta (Totalkostnad inntil kr. 300 000,-)	0
Del av ramma som skal gå til tilretteleggjande tiltak	41 580 000
SUM	41 580 000



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2013/234
		Arkiv:	033

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
14/13	Valnemnd	26.09.2013
122/13	Kommunestyret	26.09.2013

PERMISJON FRÅ POLITISKE VERV.

Tilråding:

Linn-Therese Sævik får permisjon frå politiske verv som omsøkt, til og med 01.01.2014.

Det vert i permisjonstida nytta varamedlemsliste.

Særutskrift:
Linn-Therese Sævik
Fellessekretariatet
Leiar Herøy KrF, Camilla S. Hermansen

Vedlegg:

Søknad – U.off. §13

Saksopplysninger:

Linn-Therese Sævik har søkt om permisjon frå politiske verv til og med 01.01.2014.

Ho har desse verva:

Komite for oppvekst	Leiar
Tilflyttingsnemnd	leiar
Kommunestyret	Medlem
Styringsgruppe ruspolitisk- og bustadsosial handlingsplan	Medlem
Rullering av trafikktryggingsplan, arbeidsgruppe	Medlem
Eldrerådet	Medlem
Tussa Kraft AS, styret	Varamedlem
Formannskapet	Varamedlem
Valstyret	Varamedlem
Administrasjonsutvalet	Varamedlem
Komite for næring, kultur og idrett	Varamedlem
Komite for helse og omsorg	Varamedlem

Kommunelova § 15

2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 17.09.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Olaus-Jon Kopperstad
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2013/52
		Arkiv:	256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
161/13	Formannskapet	26.09.2013
123/13	Kommunestyret	26.09.2013

SJØLVSKULDNARKAUSJON SUNNMØRSBADET AS

Tilråding:

Herøy kommune stiller som sjølvskuldskausjonist for ein sum på NOK 22.097.100,- slik det går fram av søknaden.

Slik kausjon/garanti vert gitt enten løysinga vert bankgaranti eller garanti ytt av Herøy kommune.

Eventuelle gebyr og kostnadar kring garantistillinga skal betalast av Sunnmørsbadet AS

Særutskrift:

- Sunnmørsbadet AS
- Christie & Opsahl
- Fylkesmannen i Møre og Romsal, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Vest Kontrollutvalssekretariat
- Herøy kommune, økonomiavdelinga.

Vedlegg:

- [Brev frå Sunnmørsbadet AS datert 16.09.2013](#)

Saksopplysningar:

Sunnmørsbadet AS teikna for ei tid attende kontrakt om utbygging av badeland med firmaet Cristie & Opsahl AS.

I kontrakta inngår det eit krav om at Sunnmørsbadet AS må stille ein bankgaranti tilsvarande 15% av kontraktssummen til fordel for Christie & Opsahl A/S. Dette tilsvarar ein sum på kr 22.097.100,-.

To bankar er spurt om å utferdige denne garantien og begge bankane seier seg villige til å stille ein slik garanti (kontraktsgaranti) under føresetnad av at Herøy kommune stiller som sjølvskuldnarkausjonist.

Eit alternativ er at Herøy kommune garanterer for summen. Føresetaden her er at Christie & Opsahl AS godkjenner ei slik ordning. For Sunnmørsbadet AS er dette ein fordel då provisjonskostnadar mest sannsynleg vert redusert.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune har allereie godkjent ein lånegaranti avgrensa oppover til 35,0 mill kr. Byggearbeida har kome godt i gong og om kommunen ikkje stiller som sjølvskuldnarkausjonist for garanti til entreprenør kan byggearbeida stoppe opp og følgjekostnadane vil såleis bli store.

Normalt sett bør det ikkje vere den store risikoen med å kausjonere for eit slikt lån, men skulle Sunnmørsbadet AS mangle pengar på slutten av byggeprosjektet kan Christie & Opsahl krevje at garantien eller delar av denne vert honorert. I så fall vil det kunne bli ein meirkostnad for kommunen.

I dei papira ein har fått tilgang til står det ingen ting om kor lenge garantien skal gjelde. Dette må ein få avklart før ein eventuelt skriv under på ein slik sjølvskuldnarkausjon.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

I utgangspunktet ikkje nokon konsekvens i alle fall på kort sikt.

Konsekvensar for økonomi:

Om garantien vert gjort gjeldande og banken går på oss som kausjonist for å få tilbake sitt tilgodehavande vil kommunen kunne få ei stor utgift/meirkostnad i sitt driftsbudsjett med kutt av andre tenester som resultat.

Fosnavåg, 19.09.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/52	Saksbeh. GEO
19 SEP. 2013	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy Kommune
Rådhusgata
6099 Fosnavåg

Fosnavåg 16.09.2013

SUNNMØRSBADET FOSNAVÅG BANKGARANTI

Sunnmørsbadet Fosnavåg har som kjent inngått avtale om utbygging av badeland med firma Christie & Oppsahl AS.


I kontrakta inngår det eit krav om bankgaranti på kr 22.097.100.-

Etter innhenta tilbod frå to bankar ser vi at det vert krav til sjølvskyldnarkausjon frå Herøy Kommune. Sunnmørsbadet Fosnavåg ser oss derfor nøydde til å søkje Herøy Kommune om å stille som kausjonist på kontraktsgarantien.

Vi ber alternativt om at Herøy Kommune stiller garanti for beløpet direkte til Christie & Opsahl AS, forutsatt at Christie & Opsahl AS aksepterer ein kommunal garanti framfor ein bankgaranti.

Grunna tidspress ber vi om at saka vert handsama i førstkomande kommunestyremøte.

Beste helsing
Sunnmørsbadet Fosnavåg AS



Arnulf Goksøyr
Styreleiar

Vedlegg: Kontrakt Christie & Opsahl AS
Tilsagn om bankgaranti

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 278/13 Odd Erling Løvøy 59/5- Ferdigattest vedlager 09.09.2013 00:00:00

DS 279/13 Gnr 11 Bnr 3 - frådelling av 4 parsellar 30.08.2013 00:00:00

DS 280/13 Even Remøy - 11/127 - tilbygg naust 30.08.2013 00:00:00

DS 281/13 Gnr 48 Bnr 3 - Frådelling av bebygd eigedom 30.08.2013 00:00:00

DS 282/13 Gnr 40 bnr 3- Frådelling av bustadtomt 30.08.2013 00:00:00

DS 283/13 Harald Thorseth - 36/1 - Fasadeendring 30.08.2013 00:00:00

DS 284/13 Mellombels bruksløyve - 34/210 09.09.2013 00:00:00

DS 285/13 Nils Gunnar Valde - 45/161 - 2-mannsbustad med frittliggende
garasje 11.09.2013 00:00:00

DS 286/13 mellombels bruksløyve - 4/295 09.09.2013 00:00:00

DS 287/13 Gnr 28 Bnr 11 - Frådelling av bebygd eigedom 13.09.2013 00:00:00

DS 288/13 Mellombels bruksløyve -29/151 - 1 etg Bergsøy klubbhus
26.08.2013 00:00:00

DS 289/13 ferdigattest 81/35 26.08.2013 00:00:00

DS 290/13 Søknad om endra opningstider / serveringsløyve 29.08.2013
00:00:00

DS 291/13 Søknad om endra skjenketider 29.08.2013 00:00:00

DS 292/13 Frode Sævik 34/180 - Løyve til oppføring av tilbygg 03.09.2013
00:00:00

DS 293/13 Ove Kolgrov 30/59 - Løyve til oppføring av garasje tiltak garasje
06.09.2013 00:00:00

Referatsaker

Referatsaker

HOVUDUTSKRIFT

FOR

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 25. april 2013
Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 12.40

Som medlemmer møtte:

Karly Ingunn Teige
Knut Erik Engh, Eli Skaatun
Anders Riise, Annika Brandal,
Dag Vaagen

Følgende medlemmer møtte ikkje: Arnulf Goksøyr, Camilla Storøy Hermansen, Per Kristian Furø,
Magne Gurskevik og Annbjørg R. Frågodt

Som varamedlemmer møtte: Linda Dyrhol (for Frågodt)

Frå styret møtte:

George Fulford, Einar Warholm, Helga Longva Dyrhol og Lidvin Sundgot

Frå administrasjonen møtte:

Einar Heimdal og Gunhild Solberg

Andre som møtte:

Revisor Einar Giljarhus Løkken

Saker som vart handsama: Sakene R01/13 – R10/13

Forts.

Forts.

Vedtaksaker:

SAK NR R01/13
GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak samr.:

Innkallinga og saklista vart godkjend.

SAK NR R02/13
VALG AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED NY LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)

Vedtak, samr.:

Dag Vaagen og Karly Ingunn Teige skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar).

SAK NR R03/13
GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2012, STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2012, REVISOR SI BERETNING OG HANDSAMING AV OVERSKOT

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapet for 2012, styret si årsmelding for 2012, revisor si beretning og handsaming av overskot.

SAK NR R04/13
GODKJENNING AV EIGARMELDING 2012

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner SSR si eigarmelding for 2012 og ber om at meldinga blir oversendt til eigarkommunene.

SAK NR R05/13
VALG AV REVISOR

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner at BDO AS blir gjenvalgt som selskapet sin revisor også i opsjonsperioden på to år (2013 og 2014).

SAK NR R06/13
GODKJENNING AV HONORAR TIL REVISOR ETTER REKNING

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner honorar til revisor etter rekning for 2012, med kr 90.000 (ekskl. mva) i ordinært revisjonshonorar og kr 137.800 (ekskl. mva.) for andre tenester.

SAK NR R07/13
MILJØSTASJONAR

Vedtak, samr.:

Representantskapet vedtar følgende i saka om nye miljøstasjonar:

1. Sande kommune

- a) Representantskapet vedtar at det skal byggast ny miljøstasjon i Myklebustmyrane i Sande innanfor dei rammene som er gitt i saksframlegget. Miljøstasjonen på Larsnes blir lagt ned når den nye miljøstasjonen er ferdig.
- b) Representantskapet vedtar løysinga for levering av grovavfall på Kvamsøya / Voksa / Sandsøya.

2. Herøy kommune

- a) Representantskapet vedtar at SSR etablerer ny miljøstasjon på Mjølstadneset i Herøy innanfor dei rammene som er gitt i saksframlegget.

3. Finansiering

- a) Representantskapet vedtar låneopptaket på kr 15.025.000 for å bygge dei nye miljøstasjonane i Herøy og Sande. Representantskapet tar til etterretning gebyrkonsekvensen dette medfører for 2014 og seinare år.

SAK NR R08/13
AVSTANDSGEBYR

Vedtak, samr.:

Representantskapet ber styret om å arbeide vidare med ei praktisering av avstandsgebyr der det vert lagt opp til å tilby abonnentane ei tilleggsteneste. Saka skal leggast fram på neste ordinære møte i representantskapet.

Forts.

Forts.

Orienterings-/ eventuelt vedtakssaker:

SAK NR R09/13

ORIENTERING OM DRIFTA I SSR V/STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR

Generell orientering om diverse saker utan at det vart gjort vedtak i saka.

SAK NR R10/13

FASTSETTING AV NYTT MØTE TIL HAUSTEN

Vedtak, samr.:

Representantskapet vedtok at neste møte skal haldast torsdag 7. november 2013 kl. 09.00.

Representantskapet takka også Gunhild Solberg for innsatsen når ho no skal slutte i selskapet til sommaren.

Rett utskrift:

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS, Ulsteinvik, 30. april 2013


Knut Erik Engh
representantskapsleiar


Dag Vaagen


Karly Ingunn Teige


Einar Heimdal
dagleg leiar